

Naturtypekartlegging i Forsand kommune 2012

Torbjørn Høitomt og Tom Hellik Hofton



BioFokus-rapport 2013-10



Ekstrakt

BioFokus har på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland kvalitetssikra og nykartlagt naturtypar i Forsand kommune. Totalt 32 lokalitetar vart i 2012. Desse fordeler seg på 6 lokaliteter med A-verdi, 16 med B-verdi og 10 med C-verdi. Gammal lauvskog og store gamle tre er dei vanlegaste naturtypane.

Nøkkelord

Rogaland
Forsand
Naturtypekartlegging
Verdsetting
Kryptogamar

Omslag

FRAMSIDEBILETE

Nedre (Artsrik kystregnskog ved Lerangsvatnet) Foto: BioFokus/Torbjørn Høitomt 2012.
Midtre (Eikehage ved Lerangsvatnet) Foto: BioFokus/Torbjørn Høitomt 2012
Øvre (Eikedynekjuke frå Kammen SV) Foto: BioFokus/Tom Hellik Hofton 2012

LAYOUT (OMSLAG)
Blindheim Grafisk

ISSN: 1504-6370

ISBN: 978-82-8209-268-5

Biofokus-rapport 2013-10

Tittel

Naturtypekartlegging i Forsand kommune 2012

Forfattarar

Torbjørn Høitomt og Tom H. Hofton

Dato

03.05.2013

Tal på sider

29 sider

Publiseringstype

Digitalt dokument (Pdf). Som digitalt dokument innehelder denne rapporten "levende" lenker.

Oppdragsgivar

Fylkesmannen i Rogaland

Tilgjengeleghet

Dokumentet er offentlig tilgjengelig.

Andre BioFokus rapporter kan lastas ned frå:

<http://biolitt.biofokus.no/rapporter/Litteratur.htm>

BioFokus: Gaustadalléen 21, 0349 OSLO

Telefon 2295 8598

E-post: post@biofokus.no Web: www.biofokus.no

Forord

Stiftelsen Biofokus har på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland gjort ei supplerande kartlegging av naturtype lokalitetar i Forsand kommune. Audun Steinnes har vore vår kontaktperson hos oppdragsgivar. Torbjørn Høitomt har vore prosjektleiar hos BioFokus. Tom Hellik Hofton har òg teke del i arbeidet.

Denne rapporten har som mål og kort gjere opp status for naturtypekartlegginga i Forsand kommune per 2012, skildre kva som er gjort og sjå på status for kartlegginga av dei ulike hovudnaturtypane.

Oslo/Ås, 4. mars 2013

Forfattarane



Lokalitet 10, Lerangsvatnet S. Velutvikla og særskilt artsrik regnskog med fleire høgt raudlista, råmekrevjande lav og mosar.

Samandrag

BioFokus har på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland utført ei supplerande kartlegging av naturtypar i Forsand kommune. Innsatsen har i fyrste rekke vore retta mot ny kartlegging av område i kommunen som tidlegare ikkje har vore besøkt i samband med naturtypekartlegging.

32 lokalitetar vart kartlagt av BioFokus i 2013. Av desse er 6 vurdert som svært viktige (A-verdi), 16 som viktige (B-verdi) og 10 som lokalt viktige (C-verdi). Skog er den hovudnaturtypen som dekker det største arealet med om lag 844 daa (73 %). Deretter følgjer kulturlandskap med 250 daa (21,5 %) (**tabell 1**).

Tabell 1: Arealfordeling av hovudnaturtypar

Hovudnaturtype	Areal (daa)	%
Ferskvann/våtmark	51	4,41
Kulturlandskap	250	21,67
Skog	844	73,03
Sørvendt berg og rasmark	10	0,89
Totalt	1156	


Etter denne kartlegginga kan låglandet i Forsand kommune seiast og vere godt dekka inn i naturtypesammanhang. Dette betyr at dei fleste A- og B-lokalitetar er funne og kartlagt, men at nokre lokalitetar med høg verdi framleis kan vere oversett.



Lokalitet 5, Rossavika Ø. Hagemark med rike førekommstar av artane eikelav (NT) og liten praktkrinslav (VU).

Innhald

1 INNLEIING/BAKGRUNN	6
2 GJENNOMFØRING	6
2.1 PRIORITYTERE OMRÅDE	6
2.2 TILRETTELEGGING FOR NATUR2000	6
2.3 TIDLEGARE UNDERSØKINGAR	6
2.4 BEHANDLING AV GAMLE NATURTYPEDATA	7
2.5 RAUDLISTEARTAR	7
3 RESULTAT	8
3.1 OVERSIKT OVER KARTLAGDE NATURTYPAR	8
3.1.1 <i>Artsmangfald</i>	11
3.2 LOKALITETSSKRILDNINGAR	12
3.3 REGISTRERINGSSTATUS	26
3.3.1 <i>Status for dei ulike hovudnaturtypane</i>	27
4 DISKUSJON	28
4.1 ANSVARSNATURTYPAR OG -ARTAR I KOMMUNEN	28
5 LITTERATUR	29



Lokalitet 3, Rossavika lengst S. Beitesteinmose (VU) veks på ei middels stor steinblokk i lokaliteten.

1 Innleiing/bakgrunn

I føreordet til første utgåve av naturtypehandboka (Direktoratet for Naturforvaltning 1999) står følgjande: *"Det er et politisk mål at alle landets kommuner skal gjennomføre kartlegging og verdisetting av viktige områder for biologisk mangfold på sine arealer (St. meld. nr. 58 (1996/97) 1996-97). Den kommunale kartleggingen omfatter naturtyper, vilt, rødlisterter, ferskvannslocaliteter og marint biologisk mangfold."*

Arbeidet som har vorte gjort i samband med kartlegginga i Forsand kommune er finansiert med middel frå Fylkesmannen i Rogaland. Den økonomiske ramma låg på 485.000 ekskludert moms, og omfatta kvalitetssikring og ny kartlegging av naturtypelokaliteter i kommunane Forsand, Hjelmeland og Sandnes. Det er utarbeida ein rapport for kvar av dei tre kommunane.

Feltarbeidet vart gjort i løpet av feltsesongen 2012 med påfølgjande rapportering hausten 2012 og vinteren 2013. Feltarbeid knytt til dette prosjektet har vorte utført av Torbjørn Høitomt (prosjektleder) og Tom Hellik Hofton. Data er systematisert i Natur2000 (Borch og Wergeland Krog 2011).

Metoden for kartlegging følgjer DN handbok 13, revidert utgåve (Direktoratet for Naturforvaltning 2007). Sjå handboka og da særleg kapitla 1-4 og 6 som gjer rede for kriterium for utval og verdsetting av naturtypar.

I samband med oppdateringa har BioFokus produsert sosifiler for naturtypetemaet. Desse er sendt til Fylkesmannens miljøvernnavdeling saman med egenskapsdata. Fylkesmannen vil på dette grunnlag oppdatere Naturbase i samarbeid med DN.

2 Gjennomføring

2.1 Prioriterte område

I samråd med Fylkesmannens miljøvernnavdeling vart det bestemt at fokus skulle rettast mot dei vestre delane av Forsand kommune, og da i første rekke lågliggjande areal med kulturlandskap.

2.2 Tilrettelegging for Natur2000

Nykartlagte naturtypelokalitetar har vorte gjeve eit nytt nummer innanfor ein nummerserie som ikkje kjem i konflikt med lokalitetsnummer som tidigare er nytta av fylkesmannen. Ny nummerserie er valt uavhengig om ny naturtypeavgrensing overlappar med tidlegare avgrensa naturtype eller ikkje. Den nye nummerserien er 1-34. Nummerserien er ikkje heilt samanhengande fordi fleire registrantar har arbeida med innlegging av naturtypedata i Natur2000-basen samtidig. Det er difor tildelt rommelege nok nummerseriar til å unngå risiko for at to eller fleire registrantar ville opprette same lokalitetsnummer på ulike naturtypelokalitetar.

2.3 Tidlegare undersøkingar

Eksisterande naturtypedata for Forsand kommune er av nyare dato og følgjeleg av god kvalitet. Det vart difor ikkje brukt tid på kvalitetssikring. Vi har ikkje vore kjent med relevante kjelder som dekker dei områda som vi har kartlagt i 2012. Unntaket er nokre spreidde funn frå Artskart (Artsdatabanken 2013).

2.4 Behandling av gamle naturtypedata

Det er berre ein gammal lokalitet som er oppdatert i 2012 (BN00080491). Her er både område skildring og avgrensing endra.

2.5 Raudlisteartar

Trua og sjeldsynte artar som er kartlagt gjennom prosjektet vil bli søkt fram i Artskart (Artsdatabanken & GBIF 2013).

3 Resultat


3.1 Oversikt over kartlagde naturtypar

Dette kapitelet har som mål å summere opp resultata frå registreringene. Det ble totalt registrert 32 lokalitetar i dette prosjektet. Seks lokalitetar er gitt verdien svært viktig (A-verdi), 16 lokalitetar er gitt verdien viktig (B-verdi), medan 10 lokalitetar er gitt lokal verdi (C-verdi).

Om ein ser på areal er skog den dominerande hovudnaturtypa med ein dekning på 73 %. Deretter følgjer hovudnaturtypane kulturlandskap med 21,5 %, og ferskvatn/våtmark med drygt 4 %. Om ein ser på fordelinga av tal på lokalitetar, er tendensane dei same. Her kjem skog øvst (n=16), med kulturlandskap (n=14) og ferskvatn/våtmark (n=2) på dei neste plassane. **Tabell 2** gir ein oversikt over korleis dei ulike naturtypane fordelar seg på tal på og storleik på lokalitetane. **Figur 1** viser fordelinga i storleik for alle lokalitetane. I **tabell 3** er alle lokalitetane som vart kartlagt i 2012 lista opp alfabetisk.

Tabell 2. Oversikt over fordelinga av de ulike naturtypane og korleis desse ordnar seg på areal og verdi.

Hovudnaturtype	Naturtype	A	B	C	Tal på lok	Areal (daa)
Ferskvatn/våtmark	Rik kulturlandskapssjø			1	1	40,5
	Viktig bekkedrag		1		1	10,5
Kulturlandskap	Hagemark	1	3		4	47,1
	Naturbeitemark		2	2	4	190,6
	Store gamle tre	1	2	2	5	12,7
Skog	Gammal fattig edellauvskog	2	1		3	55,3
	Gammal lauvskog	1	4	4	9	282,5
	Rik edellauvskog	1			1	231,4
	Rik sumpskog		1		1	7,4
	Kystfuruskog		2		2	267,6
Rasmark, berg og kantkratt	Nord vendte kystberg og blokkmark			1	1	10,3
Totalsum		6	16	10	32	1155,7



Figur 1: Figuren syner korleis dei 32 lokalitetane fordeler seg etter storleik (da).



Lokalitet 10, Lerangsvatnet S, er lokalitet for den sjeldne arten klovemose (DD).

Tabell 3: Alfabetisk lokalitetsoversikt over dei 32 lokalitetane som vart kartlagt av BioFokus i 2012.

Lokalitetsnavn	Lokalitetsnr.	BN-nummer	Naturtype	Utforming	Verdi	Areal
Dørvika	24		Kystfuruskog	Temperert regnskog med furu	B	63,2
Dørviklia	25		Kystfuruskog	Temperert regnskog med furu	B	204,3
Eikjeland SV	30		Gammal lauvskog	Fuktig kystskog	B	34,7
Erevik	16		Gammal lauvskog	Fuktig kystskog	C	8,7
Espedal S	6		Rik sumpskog	Varmekjær kjelde-lauvskog	B	7,4
Espedalsvatnet NV	31	BN00080491	Rik edellauvskog	Alm-lindeskog	A	231,4
Haukali	17		Naturbeitemark	Frisk fattigeng beitet	B	100,4
Haukali S	34		Gammal lauvskog	Fuktig kystskog	B	?
Heiatjørna S	23		Gammal lauvskog	Fuktig kystskog	C	28,9
Husafjellet, aust for Rossavik	7		Nord vendte kystberg og blokkmark	Sørlig, oseanisk moseutforming	C	10,3
Indre Dørvikneset Ø	26		Gammal lauvskog	Fuktig kystskog	C	4,9
Kammen SV, Ø for Eidavatnet	28		Gammal fattig edel-lauvskog	Eikeskog	A	21,4
Kolabygda - Brekke N	14		Hagemark	Eikehage	B	5,1
Kolabygda - Nord-land N	12		Store gamle trær	Eik	B	2,9
Kolabygda - Nord-land Ø	13		Store gamle trær	Eik	B	8,8
Kvednaskaret, nedre del	8		Store gamle trær	Hol eik	C	0,2
Lerang Ø	9		Hagemark	Eikehage	A	9,2
Lerangshammaren	11		Gammal fattig edel-lauvskog	Eikeskog	A	22,3
Lerangsvatnet S	10		Gammal lauvskog	Fuktig kystskog	A	28,6
Lerangsvatnet V	19		Store gamle trær	Eik	C	0,1
Meling	15		Store gamle trær	Andre treslag	A	0,7
Oaland	18		Rik kulturlandskapssjø	Kalkfattigare ut-forming	C	40,5
Pannevikskogen, SV for Nedreid	27		Gammal lauvskog	Fuktig kystskog	C	29,9
Plassen SØ	33		Naturbeitemark		C	67,3
Rossavika S	2		Hagemark	Eikehage	B	20,0
Rossavika SØ	4		Gammal fattig edel-lauvskog	Eikeskog	B	11,5
Rossavika Ø	5		Hagemark	Eikehage	B	12,8
Rossavika, bekk	1		Viktig bekdedrag	Parti som binder saman andre naturmiljø	B	10,5
Rossavika, lengst S	3		Naturbeitemark	Frisk fattigeng beitet	B	1,1
Tungebekken	32		Gammal lauvskog	Fuktig kystskog	B	40,4
Varen (Vardatoppen) NØ	22		Gammal lauvskog	Fuktig kystskog	B	106,4
Vassbotn	29		Naturbeitemark		C	21,7

3.1.1 Artsmangfald

Det er registrert raudlisteartar i ei rekke av dei kartlagde naturtypeavgrensingane. Dei fleste raudlistefunna er råmekrevjande kryptogamar som vart funne i fuktige skogar eller i kulturlandskapet. Heile 25 raudlisteartar har vorte funne i dei 32 lokalitetane. (sjå tabell 4) Sjå Artskart og dei einskilde områdeskildringane for detaljert informasjon om raudlisteartane.

Tabell 4: Raudlisteartar som er funne innanfor ein eller fleire av de 32 lokalitetane som vart kartlagt i 2012. (Nokre få eldre funn er henta frå Artskart)

Artsgruppe	Vitskapleg namn	Norsk namn	Kategori	Tal på funn
Karplanter	<i>Fraxinus excelsior</i>	Ask	NT	3
Lav	<i>Punctelia jeckeri</i>	Randpunktlav	CR	1
	<i>Leptogium cochleatum</i>	Prakthinnelav	EN	1
	<i>Parmotrema crinitum</i>	Håkrinslav	EN	2
	<i>Hypotrachyna laevigata</i>	Grå buktkrinslav	EN	2
	<i>Menegazzia subsimilis</i>	Kystskskadelav	EN	1
	<i>Usnea flammæa</i>	Ringstry	NT	4
	<i>Pyrenula occidentalis</i>	Gul pærelav	NT	3
	<i>Flavoparmelia caperata</i>	Eikelav	NT	1
	<i>Bunodophoron melanocarpum</i>	Kystkorallav	NT	2
	<i>Pertusaria multipuncta</i>		VU	1
	<i>Menegazzia terebrata</i>	Skodelav	VU	4
	<i>Thelopsis rubella</i>		VU	2
	<i>Pachyphiale carneola</i>		VU	6
	<i>Parmotrema chinense</i>	Liten praktkrinslav	VU	3
Sopp	<i>Cetrelia olivetorum</i>	Praktlav	VU	1
	<i>Graphis elegans</i>		VU	1
	<i>Hymenochaete corrugata</i>	Rutebroddsopp	NT	1
Mosar	<i>Phlebia serialis</i>	Tyrvoksskinn	VU	1
	<i>Perenniporia medulla-panis</i>	Eikedynekjuke	VU	1
	<i>Harpalejeunea ovata</i>	Klovemoose	DD	1
	<i>Platyhypnidium lusitanicum</i>	Kystskeimose	VU	1
	<i>Habrodon perpusillus</i>	Parkmose	VU	3
	<i>Hedwigia integrifolia</i>	Beitesteinmose	VU	1
	<i>Rhabdoweisia crenulata</i>	Butturnemose	VU	2
Totalsum	25 artar			49

3.2 Lokalitetsskrildringar

1, Rossavika, bekk, Viktig bekkedrag (Parti som binder sammen andre naturmiljøer) - **Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt og Fylkesmannen i Rogaland ved Jon Inge Johnsen den 25.06.2012 i samband med naturtypekartlegging i Forsand kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Avgrensinga omfattar ei bekkestrekning frå garden Øvre Rossavik ned til sjøen. Lokaliteten inkluderer kantsone som for ein stor del grenser mot fulldyrka mark. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, men heller truleg mest mot fyrtstremte. Når det gjeld vegetasjonssone kan det meste av lågtliggjande areal i denne regionen plasserast i boreonemoral sone.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen viktig bekdedrag og omfattar ein relativt liten bekk med tilhøyrande kantsone. Tre- og busksjiktet er dominert av ask (NT), spisslønn og platanlønn. Ellers finst noko rogn, svartor, hassel, bjørk og rips. Det finst få gamle tre, men nokre asketre er over 40 cm i diameter. Noko daud ved av de fleste trelag finst spreidd. Feltsjiktet er for ein stor del frodig og prega av vanlege og til dels nitrogenkrevjande artar som stankstorkenebb, skogburkne, markrapp, vendelrot, ormetelg, kratthumleblom, kvitveis, sølvburke, lundrapp, skogkarse, krattmjøle, engsoleie og stornesle. I botnsjiktet og på steinar dominerer vanlege moseartar som musehalemose (*Isothecium myosuroides*), kystkransmose (*Rhytidadelphus loreus*), storkransmose (*R. loreus*), kysttornemose (*Mnium hornum*), stabbsteinmose (*Ptychomitrium polyphyllum*), bleiktujamose (*Thuidium delicatulum*), krusfagermose (*Plagiommium undulatum*) og kystmoldmose (*Eurhynchium striatum*). I bekkene finnes artar som klobekkemose (*Hygrohypnum ochraceum*), buttgråmose (*Racomitrium aciculare*), bekkeskeimose (*Platyhypnidium riparioides*) og bekketvibladmose (*Scapania undulata*).

Artsmangfold: Den sårbarane mosearten kystskeimose (*Platyhypnidium lusitanicum*) VU, blei registrert under ei stor steinblokk i nedre delar av avgrensinga. Dette er ein noko varmekjær oseanisk art som berre finst i dei mest nedbørrike delane av Sørvestlandet.

Bruk, tilstand og påvirkning: Delar av lokaliteten er noko påverka av gjødselsig frå beitemark og fulldyrka slåttemark. Noko areal i øvre del av lokaliteten er òg brukt som beitemark, der dyra går helt ned til bekkene. I nedre deler finst nokre flaumførebryggjande tiltak i form av steinsetting og oppmura kanalar, samt nokre mindre steinfyllingar. På eit punkt er kantsona fjerna på begge sider av bekkene grunna eit kryssande luftstrek.

Fremmede arter: Platanlønn finst vanleg langsmed bekkene. I tillegg finst noko spisslønn, edelgran og ein framand mispeart, men desse utgjer ikkje nokon stor trussel.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten inngår i eit nettverk av viktige kulturlandskapslokaliteter i Rossavika.

Vegetasjon: Edellovskogvegetasjon (D)

Verdivurdering: Rik edellauvskog med stor treslagsvariasjon langsmed ein bekk. Lokaliteten er lågtliggjande og det har vorte funne ein sjeldsynt moseart i bekkene. Lokaliteten inneheld likevel mykje framande artar og er til dels ganske sterkt påverka av menneskeleg aktivitet. Avgrensinga er difor vurdert som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: I utgangspunktet bør lokaliteten bevarast gjennom fri utvikling. Sjølvsagt bør dei framande artane fjernast, men det er ikkje tilrådeleg å fjerne all platanlønn på samme tid. Dette vil endre fuktighetsforholda langsmed bekkene, noko som kan vere negativt for fleire kravfulle arter.

2, Rossavika S, Hagemark (Eikehage) - **Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt og Fylkesmannen i Rogaland ved Jon Inge Johnsen den 25.06.2012 i samband med naturtypekartlegging i Forsand kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i Rossavika i Forsand og omfattar eit større areal med hagemark heilt sør i sjøve greda. Lokaliteten grensar mot dyrka mark, ein bekk (som også er kartlagd som naturtype) og mot sjøen. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, men heller truleg mest mot fyrtstremte. Når det gjeld vegetasjonssone kan det meste av lågtliggjande areal i denne regionen plasserast i boreonemoral sone.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen hagemark med utformingane eikehage og bjørkehage. Noko av arealet er sterkt forsumpa av kjeldevatn og kjem difor innunder naturtypene boreal og varmekjær kjeldeauvskog. Dei dominerande treslagene i hagemarka er eik (<60 cm) og bjørk, men det finst også noko hassel, svartor, hegg, rogn og hassel. Dei to siste er mest å rekne som eit element i gjengroinga av lokaliteten, men nokre eldre tre finst også av desse treslagene. Svartor, hegg og ask finst først og fremst i samband med dei kjeldepåverka arealet. Ein del gamle tre av eik og bjørk finst, ellers er trea mest unge til halvgamle. Dei kjeldepåverka arealet er dels ein stabil bjørkedominert type og dels ein tidlegare meir open type som nå er i gjengroing med ask, svartor og hegg. I dei torre partia er vegetasjonen fattig til intermediær med artar som gulaks, gauksyre, vivendel, hengjeveng, smyle, småmarimjelle, tepperot og skogfiol. I de blauta, kjeldepåverka partia finst artar som skogsnelle, skogkarse, vendelrot, englodnegras, vanleg høyrol, kryssoleie og stjernestorr. I botnsjiktet finst mest engkransmose (*Rhytidadelphus squarrosus*) og kystmose (*Loeskebryum brevirostre*) i dei torre partia, medan dei noko fuktigare og blauta partia er dominert av artar som sumplundmose (*Brachythecium rivulare*), kystkransmose (*Rhytidadelphus loreus*) og stortytle (*Bazzania trilobata*).

Artsmangfold: Den uvanlege og raudlista arten parkmose (*Habrodon perpusillus*) blei påvist på ei eldre eik i hagemarka. Denne arten har nokre forekomstar i Forsand men er ikkje vanleg. Utover dette finst vanlegare epifyttiske mosar som vribustehette (*Orthotrichum pulchellum*), pigknoppgullhette (*Ulota phyllantha*) og trådkjølmose (*Zygodon rupestris*). Av lav blei liten praktkrinslav (*Parmostrema chinense*) påvist på eit asketre.

Bruk, tilstand og påvirkning: Heile lokaliteten har tidlegare vorte brukt til beite. Det ser ikkje ut som området blir beita i dag og det er for ein stor del i gjengroing. Særleg rask er gjengroinga i dei fuktigare delane av lokaliteten, der ungskog av ask kjem opp.

-Naturtypar i Forsand kommune 2012 -

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten inngår i eit nettverk av viktige kulturlandskapslokaliteter i Rossavika.

Vegetasjon: Rik sumpskog (E4)

Hagemark (Rødlistebetegnelse) (G20)

Varmekjær kildeløvskog (E5)

Verdivurdering: Større, variert hagemarkslokalitet som dels er kjeldeprega. Delar av lokaliteten er i relativt sterkt gjengroing, men det finst framleis nokre lyskrevjande epifyttar på dei gamle trea i lokaliteten. Avgrensinga er difor vurdert som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Det bør opnas opp kring dei gamle eiketreane. Det bør også drives noko manuell rydding der det har komme opp mykje ungskog. Heile lokaliteten kan bli beita, men pass på at beitetrykket ikkje blir for høgt, noko som vil føre til at dei blåuete partia blir veldig opptråkka.

3, Rossavika, lengst S, Naturbeitemark (Frisk fattigeng beitet) - Verdi B.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt og Fylkesmannen i Rogaland ved Jon Inge Johnsen den 25.06.2012 i samband med naturtypekartlegging i Forsand kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følger Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i Rossavika i Forsand og omfattar ein del av i naturbeitemark heilt sør i sjøve grenda. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, men heller truleg mest mot fyrstnemnte. Når det gjeld vegetasjonssone kan det meste av lågtliggjande areal i denne regionen plasserast i boreonemoral sone.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen naturbeitemark med utforminga frisk fattigeng. Vegetasjonen er dominert av nitrofile artar, men med innslag av gulaks og raudsvingel. Ellers mye engsoleie, snauveronika og engkvein. I botnsjiktet finst mykje engkransmose.

Artsmangfold: Lokaliteten er avgrensa på grunn av forekomst av ein sårbar moseart. Beitesteinmose (*Hedwigia integrifolia*) (VU). Denne arten veks på noko gjødselpåverka steinblokker, oftast i naturbeitemark, og har ein oseanisk og varmekjær utbreiing.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten er noko gjødselpåverka, men ikkje så sterkt som mange andre liknande lokalitetar i regionen.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten inngår i eit nettverk av viktige kulturlandskapslokaliteter i Rossavika.

Vegetasjon: Frisk fattigeng (G4)

Verdivurdering: I ugangspunkt ganske triviell lokalitetet, men forekomst av ein sårbar art som er avhengig av at gjødselmengda blir halden lav gjer at lokaliteten er vurdert som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Det bør ikkje bli spreidd kunstig gjødsel på naturbeitemarka. Laokaliteten bør beitast, da det viser seg at beitesteinmose vanlegvis finst i naturbeitemarker i hevd.

4, Rossavika SA, Gammel fattig edellauvskog (Eikeskog) - Verdi B.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt og Fylkesmannen i Rogaland ved Jon Inge Johnsen den 25.06.2012 i samband med naturtypekartlegging i Forsand kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følger Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg rett sør aust for grenda Rossavika i Forsand og omfattar eit noko beitepåverka eikeskogsområde med mange store steinblokker. Steinblokkene ligg til dels så tett at det dannes små fuktige mikrohabitat inne i mellom dei. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, men heller truleg mest mot fyrstnemnte. Når det gjeld vegetasjonssone kan det meste av lågtliggjande areal i denne regionen plasserast i boreonemoral sone.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen gammal fattig edellauvskog med utforminga eikeskog. Lokaliteten er eikedominert med innslag av noko bjørk i partiar. Eika oppnår ein diameter på 80-90 cm i brysthøgde, og nokre av de grovaste elkene står relativt ope og har vide kroner. Det finst lite daud ved i området. Feltvegetasjonen er fattig med artar som smyle, krattlodnekras, tepperot, hengjeveng og gulaks. Det finst noko einer i busksjiktet.

Artsmangfold: Paktlav (*Cetraria olivetorum*) (VU), blei registrert på ei grov eik i området. På dei store steinblokkane finst eit utval oseaniske moseartar. Dei blei ikkje undersøkt grundig, men det er eit potensial for sjeldsynte og trua moseartar sjølv om slike ikkje blei funne i denne omgang. Funn av taglmose (*Sphenolobopsis pearsonii*) og vengemose (*Douinia ovata*) indikerer høg råme.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten er noko beitepåverka. Eit kryssande steingjerde tydar på tidlegare bruk som beiteland.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten inngår i eit nettverk av viktige kulturlandskapslokaliteter i Rossavika.

Vegetasjon: Blåbær-eikeskog (D1a)

Verdivurdering: Lokaliteten omfattar eit område med ganske gammal, blokkrik eikeskog. Det er påvist eit lite knippe krevjande artar og det er eit godt potensial for fleire sjeldsynte mosar og lav. Avgrensinga er vurdert som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten kan bli beita, men bør ellers bevarast under fri utvikling. Noko manuell rydding kan gjerast dersom der gror til kring dei store eikene.

-Naturtypar i Forsand kommune 2012 -

5, Rossavika A, Hagemark (Eikehage) - **Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt og Fylkesmannen i Rogaland ved Jon Inge Johnsen den 25.06.2012 i samband med naturtypekartlegging i Forsand kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følger Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg aust for gardane i Rossavika og omfattar ei storfebeita, sørvestvendt hagemark med eik. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, men heller truleg mest mot fyrstnemnte. Når det gjeld vegetasjonssone kan det meste av lågtliggjande areal i denne regionen plasserast i boreonemoral sone.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen hagemark med utforminga eikehage. Meir eller mindre eikedominert hagemark med innslag av noko bjørk. Tresettinga er spreidd til ganske tett i partier. Eiketrea har vanleg ein diameter på 50-60 cm. Det finst noko daud ved, hovudsakleg av bjørk, men også litt gadd og nokre læger av eik. Vegetasjonen er fattig med artar som smyle, blåbær, tepperot, engkransmose (*Rhytidiodelphus squarrosus*) og kystkransmose (*R. lorenseus*). På trestammar finst mykje musehalemose (*Isothecium myosuroides*), ekornmose (*Leucodon sciuroides*) og ryemose (*Antitrichia curtipendula*).

Artsmangfold: Det finst mykje eikelav (*Flavoparmelia caperata*) (NT), både på trestammar (om lag 20 stk.) og på steinar. Vidare finst nokre trestammar med liten praktkrinslav (*Parmotrema chinense*) (VU) spreidd.

Bruk, tilstand og påvirkning: Ytterkantane av lokaliteten er påverka av gjødselspreiing. Vidare blir heile lokaliteten beita av storfe.

Fremmede arter: Noko kirsebær finst i vestkanten av lokaliteten.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten inngår i eit nettverk av viktige kulturlandskapslokaliteter i Rossavika.

Vegetasjon: Hagemark (Rødlistebetegnelse) (G20)

Verdivurdering: Større velhevd eikehage med gode førekommstar av to raudlista lavartar. Lokaliteten er likevel noko påverka av gjødselspreiing og eiketrea er ikkje veldig gamle. Potensialet for raudlista artar utover dei to som er påvist er vurdert som lågt. Avgrensinga er difor vurdert som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Hevda på lokaliteten bør halde fram som i dag. Det er viktig å prøve og unngå at lokaliteten blir utsett for sterk gjødselpåverknad.

6, Espedal S, Riksumpskog (Varmekjær kildelauvskog) - **Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt og Fylkesmannen i Rogaland ved Jon Inge Johnsen den 25.06.2012 i samband med naturtypekartlegging i Forsand kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følger Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ein bekdedal mellom gardane Eikjeland og Espedal inne i Espedalen i Forsand kommune og omfattar ei nordaustvendt liside/lite bekkessokk ned mot ein større bekk. Lokaliteten grenser mot gjødsla beitemark og trivuelle skogtyper. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, men heller truleg mest mot fyrstnemnte. Når det gjeld vegetasjonssone kan det meste av lågtliggjande areal i denne regionen plasserast i boreonemoral sone.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen rik sumpskog med utforminga varmekjær kjeldelauvskog. Svartordominert, svært blaut kjeldepreget skog med ein del blottlagd jord/dy. Noko bjørk finst spreidd. Skogen er ikkje veldig gammal, og er truleg fyrstegenerasjons skog på det som tidlegare har vore open beitemark. Vanlege artar i feltsjiktet er elvesnelle, myrfiol, skogsnelle, kildeurt, kornstorr, stjernestorr, tepperot, gauksyre, skogstjerne, gulaks, blåtopp, myrtistel, knereverumpe, rødsvingel, engsyre, hengjeveng, skogsalat, engfrytle, smyle, kryspsiv, gråstorr. Noko sløke og bringebær finst langsmed bekken i nord. I botnsjiktet finst eit rikt utval av mosar. I dei blauge partia finst mellom anna bekketebeladmose (*Scapania undulata*), bekkevrangmose (*Bryum pseudotriquetrum*), teppekjeldemose (*Philonotis fontana*), sildremose (*Dichodontium palustre*), spriketormose (*Sphagnum squarrosum*), bekkerundmose (*Rhizomnium pseudopunctatum*), sumpbroddmose (*Calliergon cuspidatum*) og kysttornemose (*Mnium hornum*).

Artsmangfold: Det blei ikkje påvist sjeldsynte eller trua artar. Dei noko uvanlege artane kystmose (*Loeskebryum bervirostre*) og kaursvamose (*Oxystegus tenuirostre*) bør likevel nemnast.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten bærer sterkt preg av å vere gammal beitemark. Truleg blir lokaliteten framleis beita og avgrensinga kunne truleg like gjerne vore kartlagt som ei kulturlandskapstype.

Vegetasjon: Varmekjær kildelovskog (E5)

Verdivurdering: Større areal med sterkt kjeldeprega svartorskog. Heile lokaliteten har truleg tidlegare vore open beitemark, og området blir truleg beita den dag i dag. Skogen er ikkje særleg gammal, det er ikkje funne sjeldsynte eller trua artar, men lokaliteten er stor, har eit godt utviklingspotensial og representerer ei type som ikkje er vanleg i regionen. Avgrensinga er difor vurdert som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Det bør ikkje hoggast i lokaliteten. Arealet kan inngå i eit større beiteområde, men må, sidan det er så blautt, ikkje utsetjast for eit høgt beitetrykk. Det er også viktig å prøve og unngå at lokaliteten blir utsett for sterk gjødselpåverknad.

7, Husafjellet, aust for Rossavika, Nordvendte kystberg og blokkmork (Sørlig, oseanisk moseutforming) - **Verdi C.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 26.06.2012 i samband med naturtypekartlegging i Forsand kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følger Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på nordsida av Husafjellet rett aust for Rossavika. Avgrensinga omfattar bratte, delvis tresette, nordvendte bergveggjar. Noko bjørkeskog er take med for å hindre at mikroklimaet blir endra ved hogstinningsgrep. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, men heller truleg mest mot sistnemnte. Når det gjeld vegetasjonssone kan lokaliteten truleg plasserast i sør- til mellomboreal sone.

-Naturtypar i Forsand kommune 2012 -

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark med utforminga sørleg, oseansk moseutforming. Nordvendte bergvegger med halvgammal bjørkeskog i nedkant, samt nokre tre opp i bergskrentane. Noko rogn og selje inngår spreidd. Vegetasjonen er fattig, typisk oseansk blåbærtype med nøysame artar.

Artsmangfold: Det blei påvist eit rikt utval av middels til klart råmekrevjande moseartar. Dette omfattar mellom anna heimose (*Anastrepta orcadensis*), grannkrekmose (*Lepidozia pearsonii*), kysttvebladmose (*Scapania gracilis*), purpurmose (*Pleurozia purpurea*), praktvebladmose (*Scapania ornithopodioides*) og gullhårmose (*Bretelia chrysocoma*). I tillegg finst hinnebregne spreidd langsmed heile den nordleg eksponerte bergrekka. Det råmekrevjande lavelementet blei ettersøkt, men ingen krevjande artar blei funne.

Bruk, tilstand og påvirkning: Det blei ikkje funne spor etter nyare menneskeleg bruk i lokaliteten.

Vegetasjon: Hinnebregne-utforming (Rødlistebetegnelse) (F2d)

Blåbærskog (A4)

Verdivurdering: Middels godt utvikla kystberg-lokalitet med eit knippe typiske artar. Lokaliteten er likevel ikkje så artsrik som andre liknande lokaliteter i Forsand, Gjesdal og Sandnes, og ingen sjeldsynte eller trua artar blei funne. Avgrensinga er difor vurdert som lokalt viktig (C-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Verdiane i lokaliteten blir teke best omsyn til under fri utvikling.

8, Kvednaskaret, nedre del, Store gamle trær (Hul eik) - Verdi C.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 26.06.2012 i samband med naturtypekartlegging i Forsand kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i Kvednaskaret, mellom Forsandbygda og Lysefjordbrua i eit område som vert prega av eldre eikeskog i mosaikk med parti med boreale treslag. Kvednaskaret er ein grunn, vestvendt bekkeladal. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseansk vegetasjonsseksjon, men heller truleg mest mot fyristnemnte. Når det gjeld vegetasjonssone kan det meste av lågtiliggjande areal i denne regionen plasserast i boreonemoral sone.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen store gamle tre med utforminga hol eik og omfattar eit einskild eiketre langsmed bekken som kjem ned Kvednaskaret. Eika er 80-90 cm i diameter heilt nedst, truleg styva frå gammalt og har i dag to hovudstammar frå om lag ein meters høgde og oppover. Den nedre delen og nedre delar av den eine hovudstammen er innhol. Opninga er relativt stor og det finst mykje raudmold i treet. Den eine hovudgreina er heilt daud. barken er ganske slett, utan store sprekkar.

Artsmangfold: Det vert ikkje funne sjeldsynte eller trua artar på eika, men det kan vere eit potensial for ulike insekt knytte til dei innhøle delane. Vanlege artar som musehalemose (*Isothecium myosuroides*), matteblæremose (*Frullania tamarisci*) og raudflekklav (*Arthonia vinosa*) veks på treet.

Bruk, tilstand og påvirkning: Eika står i ganske tett eikedominert skog og har veldig smal krone.

Vegetasjon: Blåbær-edelløvskog (D1)

Verdivurdering: Hol eik i relativt tett skog. Det vert ikkje funne sjeldsynte og trua artar og potensialet er vurdert ut i frå forholda å vere middels til lågt. Lokaliteten er difor vurdert som lokalt viktig (C-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Den hole eika har stått i tett skog så lenge at det ikkje er noko hensikt å opne opp rundt ho nå. Verdiane i lokaliteten blir difor teke best omsyn til under fri utvikling.

9, Lerang A, Hagemark (Eikehage) - Verdi A.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt og Jon Klepsland den 27-28.06.2012 i samband med naturtypekartlegging i Forsand kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i kulturlandskapet ved Lerang og omfattar eit areal med hagemark ut mot Lerangvatnet. Berggrunnen i området består av augegneis og granitt. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseansk vegetasjonsseksjon, men heller truleg mest mot fyristnemnte. Når det gjeld vegetasjonssone kan det meste av lågtiliggjande areal i denne regionen plasserast i boreonemoral sone.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen hagemark med utforminga eikehage. Meir eller mindre eikedominert hagemark med innslag av noko bjørk, ask (NT), einer og svartor, sistnemte hovudsakleg langsmed bekken i nord. Tresettinga er spreidd til ganske tett, men heilt ope parti finst midt i avgrensinga. Eiketre har vanleg ein diameter på 30-70 cm, men einskilde tre opp mot 90 cm finst. Nokre av eiketre har ein del daude greiner i krona og det blei sett ein hol høgstubbe sør i avgrensinga. Feltvegetasjonen er prega av nitrofile artar med innslag av nokre naturengartar i kantane.

Artsmangfold: Det blei observert fleire sjeldsynte og trua artar på dei gamle eike- og asketrea. Den sterkt trua arten hårkrinslav (*Parmotrema crinitum*) (EN) blei funne på minst fire tre. Vidare blei den sårbare arten *Pachyphiale carneola* (VU) funne på nokre eiketre. artar som blyhinnelav (*Leptogium cyanescens*), grynfiltlav (*Pannaria conoplea*), skrubbernever (*Lobaria scrobiculata*), lungenever (*L. pulmonaria*) og sòlvnever (*L. amplissima*) blei funne på nokre eiketre. Den sårbare arten parkmose (*Habrodont perpusillus*) (VU) blei òg funne på eit par eiketre.

Bruk, tilstand og påvirkning: Heile lokaliteten blir brukt som beitemark, truleg for sau. Dei opne delane av avgrensinga blir truleg og utsett for gjødselspreieing.

-Naturtypar i Forsand kommune 2012 -

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten bør sjåas i samanheng med andre område med store gamle tre i Lerang og nordover i Kolabygda.

Vegetasjon: Hagemark (Rødlistebetegnelse) (G20)

Verdivurdering: Velutvikla eikehage med eit stort antall grove og gamle tre. Det er funne fleire sjeldsynte og trua kryptogamer på dei gamle eikene og lokaliteten er difor vurdert som svært viktig (A-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Det er viktig at det ikkje blir spreidd gjødsel oppover stammane på dei gamle eiketrea. Dette vil øydeleggje vekseforholda for dei sjeldsynte kryptogamane.

10, Lerangsvatnet S, Gammel lauvskog (Fuktig kystskskog) - Verdi A.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 27.06.2012 i samband med naturtypekartlegging i Forsand kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i sørønda av Lerangsvatnet, innunder Våmulen i Forsand kommune og omfatter ein brem med skog samt nedre deler av bergene opp mot Våmulen. Berggrunnen i området består av augegneis og granitt, men eit litt rikare parti finst sør i avgrensinga. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseansk vegetasjonsseksjon, men heller truleg mest mot fyrstnemnte. Når det gjeld vegetasjonssone kan det meste av lågtliggjande areal i denne regionen plasserast i boreonemoral sone.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen gammal lauvskog med utforminga fuktig kystskskog. Heilt i nord glir det over mot temperert kystforskog, men det er ikkje særleg stort innslag av furu. Bjørk er dominerande treslag, men det finst eit ganske stort innslag av hassel og rogn samt litt osp og hegg. Skogen er i aldersfase, eldst i midtre delar og det finst ein god del daud ved av bjørk. Feltvegetasjonen er artsattig med typiske artar for oseanske blåbærskogar. I botnsjiktet finst store mengder råmekrevjande mosar.

Artsmangfold: Lokaliteten er veksestad for ei rekke sjeldsynte og trua kryptogamar. På de gamle bjørketrea finst artar som kystskskodelav (*Menegazzia subsimilis*) (EN), grå buktkrinslav (*Hypotrichyna laevigata*) (EN), hodeskodelav (*Menegazzia terebrata*) (VU) og kystskskriftlav (*Graphis elegans*) (VU) og dvergperlemose (*Microlejeunea ulicina*). På rogn finst gul pærrelav (*Pyrenula occidentalis*) (NT), og på berg finst artar som kystkorallav (*Bunodophoron melanocarpum*) (NT), buttturnemose (*Rhabdoweisia crenulata*) (VU), kloremose (*Harpalejeunea molleri*) (DD) og taglmoser (*Sphenolobopsis personii*). Vidare finst fleire krevjande, men meir vidt utbreidde artar som hinnebregne, purpurmose (*Pleurozia purpurea*), småhinnemose (*Plagiochila punctata*) og gullhårmose (*Breutelia chrysocoma*).

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten er ikkje påverka av nyare inngrep.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten bør sjåas i samanheng med andre fuktige kystskskogar med rik kryptogamflora i området.

Vegetasjon: Blåbærskog (A4)

Verdivurdering: Velutvikla gammal bjørkeskog med førekommst av ei lang rekke sjeldsynte, råmekrevjande kryptogamer, noko som gjer at lokaliteten er vurdert som svært viktig (A-verdi) med klar margin.

Skjøtsel og hensyn: Verdiane i lokaliteten blir teke best omsyn til under fri utvikling.

11, Lerangshammaren, Gammel fattig edellauvskog (Eikeskog) - Verdi A.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 27.06.2012 i samband med naturtypekartlegging i Forsand kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg innerst på halvøya sør for Lerangsvågen og omfattar den austvendte lisida ned fra Lerangshammaren. Avgrensinga grensar mot ope beitemark i botn, og ellers mot trivelle skogtyper. Berggrunnen i området består av augegneis og granitt. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseansk vegetasjonsseksjon, men heller truleg mest mot fyrstnemnte. Når det gjeld vegetasjonssone kan det meste av lågtliggjande areal i denne regionen plasserast i boreonemoral sone.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen gammal fattig edellauvskog med utforminga eikeskog. Relativt ung, eikedominert skog med noko innslag av bjørk og rogn. Nokre noko grøvre eiketre finst i nedre del av lokaliteten. Nokre steinblokker og bergskrentar finst spreidd i lia. Feltvegetasjonen er artsattig og liknar mest ein blåbærtype, sjølv om særleg nedre delar av lokaliteten truleg er gammal beitemark. Blåbær og smyle er dei to klart mest vanlege artane. I botnsjiktet finst artar som storstykte (*Bazzania trilobata*), kysttvebladmose (*Scapania gracilis*), og kystkransmose (*Rhytidiodelphus loreus*) vanleg.

Artsmangfold: Det blei påvist eit rikt utval av råmekrevjande mosar og lav. Hårkrinslav (*Parmotrema crinitum*) (EN) blei påvist på to eiketre i området, medan grå buktkrinslav (*Hypotrichyna laevigatum*) (EN) veks på ein bergvegg om lag midt i lokaliteten. Gul pærrelav (*Pyrenula occidentalis*) (NT) veks spreidd på rogn og det er tidlegare funne hodeskodelav (*Menegazzia terebrata*) (VU) og kystkorallav (*Bunodophoron melanocarpum*) i lokaliteten. Mosefloraen er også rik med dvergperlemose (*Microlejeunea ulicina*) og buttturnemose (*Rhabdoweisia crenulata*) (VU) som dei beste funna.

Bruk, tilstand og påvirkning: Skogen i lokaliteten er ung og dei nedre delane ber preg av å vere gammal beitemark. Utover dette er det ikkje registrert nye inngrep i området.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten bør sjåas i samanheng med andre fuktige kystskskogar med rik kryptogamflora i området.

Vegetasjon: Blåbær-eikeskog (D1a)

Verdivurdering: Førekommst av eikeskog med førekommst av ei lang rekke sjeldsynte, råmekrevjande kryptogamer, noko som gjer at lokaliteten er vurdert som svært viktig (A-verdi) med klar margin.

Skjøtsel og hensyn: Verdiane i lokaliteten blir teke best omsyn til under fri utvikling.

12, Kolabygda - Nordland N, Store gamle trær (Eik) - Verdi B.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 27.06.2012 i samband med naturtypekartlegging i Forsand kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Nordland i Kolabygda og omfattar ei rekke gamle eiketre langsmed ein åkerkant. Berggrunnen i området består av augegneis og granitt. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, men heller truleg mest mot fyrstnemnte. Når det gjeld vegetasjonssone kan det meste av lågtliggjande areal i denne regionen plasserast i boreonemoral sone.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen store gamle tre og omfattar om lag 25 eiketre med ein diameter på 60-80 cm. Trea har for ein stor del ganske vide kroner og noko daudt virke i form av større og mindre greiner. Det blei ikkje observert holrom, og borken er for det meste relativt jamn.

Artsmangfold: Lungenever (*Lobaria pulmonaria*) og stiftfiltlav (*Parmeliella triptophylla*) blei funne heilt aust i lokaliteten. *Pachyphiale carneola* (VU) blei funne på eit eiketre.

Bruk, tilstand og påvirkning: Heile lokaliteten blir beita av storfe. Det er òg truleg at noko gjødsel hamnar inn blant dei gamle eiketrea når åkeren skal bli spreidd. Nokre av trestammene er tydeleg påverka av gjødsel på sida mot åkeren. Store mengder ragglav (*Ramalina sp.*) tyder på høgt innhald av næringsstoff. I bakkant av lokaliteten finst ein lagerplass og ein bygning.

Fremmede arter: Det veks ein del eksemplar av ein sjeldsynt mispel-art mellom eiketrea.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten bør sjåas i samanheng med andre område med store gamle tre i Kolabygda og sørover mot Lerang.

Verdivurdering: Om lag 20 gamle eiketre som står langsmed ein åkerkant. Gjødselpåverknaden er dverre sterk og det blei med unntak av *Pachyphiale carneola* (VU) ikkje funne sjeldsynte og trua artar. Lokaliteten er difor vurdert som viktig/lokalt viktig (B/C-verdi)

Skjøtsel og hensyn: Hevda på lokaliteten bør halde fram som i dag. Det er viktig å prøve og unngå at lokaliteten blir utsett for sterk gjødselpåverknad. Unngå gjødselspreiing rett på trestammene.

13, Kolabygda - Nordland A, Store gamle trær (Eik) - Verdi B.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 27.06.2012 i samband med naturtypekartlegging i Forsand kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg aust for garden Nordland i Kolabygda og omfattar ei rekke gamle eiketre langsmed ein åkerkant og litt innover i skogen bak, samt eitt gammalt asketre ved ei hytte. Berggrunnen i området består av augegneis og granitt. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, men heller truleg mest mot fyrstnemnte. Når det gjeld vegetasjonssone kan det meste av lågtliggjande areal i denne regionen plasserast i boreonemoral sone.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen store gamle tre og omfattar om lag 10 eiketre med ein diameter på 60-90 cm og eitt grovt asketre med diameter på 120 cm som delvis står i ein rest av ei gammal hagemark. Trea har for ein stor del ganske vide kroner og noko daudt virke i form av større og mindre greiner. Det blei observert holrom i to av eiketrea. borken er jamn til middels grov.

Artsmangfold: Parkmose (*Habrodon perpusillus*) (VU) blei påvist på eitt av dei gamle eiketrea. I tillegg finst mykje sølvnever (*Lobaria amplissima*) på det gamle asketreet og på eitt av dei gamle eiketrea. Det er eit potensielt for fleire sjeldne og trua kryptogamar, særleg skorpelav, på trestammene.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten er ei gammal hagemark som i dag blir beita av storfe. Gjødselpreget på feltvegetasjonen stort der dyra oppheld seg mykje, men det finst større parti med mykje naturengartar. Dei gamle trea blir like ikkje påverka av gjødsling i særleg grad. Eit par av trea står truleg så nær åkerkanten at trestammene kan vere påverka av direkte gjødselspreiing.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten bør sjåas i samanheng med andre område med store gamle tre i Kolabygda og sørover mot Lerang.

Vegetasjon: Hagemark (Rødlistebetegnelse) (G20)

Verdivurdering: Gammalt hagemarkfragment som framleis blir beita slik at den blir halden open. Dei gamle eiketrea i det opne miljøet gjer at den sjeldsynte parkmosen finst i lokaliteten. Avgrensinga er difor vurdert som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten bør haldes open ved at hevda som foregår på lokaliteten i dag bør halde fram. Det er viktig at det ikkje blir spreidd gjødsel på trestammene.

14, Kolabygda - Brekke N, Hagemark (Eikehage) - Verdi B.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 27.06.2012 i samband med naturtypekartlegging i Forsand kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nord for garden Brekke i Kolabygda og omfattar ein liten eikehage som ligg inntil dyrka mark. Berggrunnen i området består av augegneis og granitt. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, men heller truleg mest mot fyrstnemnte. Når det gjeld vegetasjonssone kan det meste av lågtliggjande areal i denne regionen plasserast i boreonemoral sone.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen hagemark med utforminga eikehage. Mange store eiketre med diameter på 40-90 cm, men også nokre yngre tre innimellom. Det blei ikkje observert holrom og borken på trea er ikkje særleg grov. Det finst en del daude eikegreiner både oppe i trekronene og på bakken. Feltvegetasjonen er dominert av einstape, gulaks, hundegras, blåtopp, blåknapp, knollerteknapp og gauksyre, og er helt tydelig i gjengroing.

-Naturtypar i Forsand kommune 2012 -

Artsmangfold: Den raudlista arten *Pahcyphiale carneola* (VU) blei registrert på ei grov eik i kanten av åkeren.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten blir ikkje beita eller hevda på anna vis. Dette har ført til at feltsjiktet er i gjengroing, men med unntak av nokre spreidde hasselkratt har det ikkje kome opp noko særlig med buskar og kratt. Dei eiketreane som står tettast innpå åkeren blir truleg noko påverka av gjødselspreiing. Det ligg i tillegg noko søppel heilt sør i lokaliteten. Her veks òg nokre unge innplanta grantre.

Fremmede arter: Nokre unge grantre i sør.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten bør sjåas i samanheng med andre område med store gamle tre i Kolabygda og sørover mot Lerang.

Vegetasjon: Hagemark (Rødlistebetegnelse) (G20)

Verdivurdering: Ganske liten, men velutvikla elkehage med ganske grove eiketre. Det blei påvist ein sårbar art og lokaliteten bør sjåas i samanheng med de andre lokalitetane med store gamle eiketre i nærlieken. Avgrensinga er difor vurdert som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Det er viktig å prøve og unngå at lokaliteten blir utsett for sterk gjødselpåverknad. Unngå gjødselspreiing rett på tresammane. I tillegg bør det setjast i verk tiltak dersom delar av lokaliteten begynner å gro att med buskar og kratt.

15, Meling, Store gamle trær (Andre treslag) - Verdi A.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 27.06.2012 i samband med naturtypekartlegging i Forsand kommune på oppdrag fra Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar føljer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Meling i Kolabygda og omfattar tre grove platanlønnar og eit eiketre i vegkanten. Berggrunnen i området består av augegneis og granitt. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseansk vegetasjonssesjon, men heller truleg mest mot fyrstnemnte. Når det gjeld vegetasjonssone kan det meste av lågtliggjande areal i denne regionen plasserast i boreonemoral sone.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen store gamle tre med utforminga andre treslag. Tre platanlønnar med ein diameter på 60-70 cm som står ope til rett ved gamle riksveg 13. I tillegg står eit halvgammalt eiketre rett ved sida.

Artsmangfold: De grove platanlønnane har påvekst av fleire sjeldsynte kryptogamar. Av lav finst den kritisk trua *Punctelia jeckeri* (CR), liten paktkrinslav (*Parmotrema chinense*) (VU) og liten lindelav (*Parmelia pastillifera*). Mosefloraen er òg ganske rik på oseanske artar som er typisk for lysope miljø, som mellom anna ynglehårstjerne (*Systrichia papillosa*), pløsegullhette (*Ulota coarctata*), vibrustehette (*Orthotrichum pulchellum*) og kystbustehette (*O. lyellii*).

Bruk, tilstand og påvirkning: Areala omkring trea blir brukt som plen. Ein gammal steingard strekker seg frå vegen og langsmed trea. Det er sannsynleg at det treet som står nærmast vegen blir noko påverka av vegstøv, og det er dette treet som har den rikaste kryptogamfloraen. Noko hageavfall her vorte dumpa bak de grove trea.

Fremmede arter: Det er verdt å merke seg at vertstrea for dei sjeldsynte kryptogamane er ein framand art; platanlønn.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten bør sjåas i samanheng med andre område med store gamle tre i Kolabygda og sørover mot Lerang.

Verdivurdering: Eit litt spesielt tilfelle der det som i utgangspunktet er eit framand treslag er veksestad for fleire artar som står på den norske raudlista for artar. Eg vel å ta sjå bort i frå at treslaget er framand for å ta omsyn til dei trua artane. Lokaliteten er difor ut i frå kriteriet for raudlisteartar vurdert som svært viktig (A-verdi), sidan det veks ein kritiske trua art i avgrensinga.

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten bør bevares ope som i dag.

16, Erevik, Gammel lauvskog (Fuktig kystskskog) - Verdi C.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 27.06.2012 i samband med naturtypekartlegging i Forsand kommune på oppdrag fra Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar føljer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg rett sør for Erevik og omfattar to tronge dalar som strekker seg oppover mot Høgås. Lokaliteten er avgrensa mot beitemark i nord og mot fattig skogsmark i andre himmelretningar. I botn av dei to dalane er det høg råme. Det er nokre bergveggar i dalsidene og øvst i dalane ligg nokre større steinblokker. Berggrunnen i området består av augegneis og granitt. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseansk vegetasjonssesjon, men heller truleg mest mot fyrstnemnte. Når det gjeld vegetasjonssone kan det meste av lågtliggjande areal i denne regionen plasserast i boreonemoral sone.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen gammal lauvskog med utforminga fuktig kystskskog. Lokaliteten fell inn under den sørlege låglandstypen som blir kalla temperert regnskog. Tresjiktet er dominert av bjørk, men noko hassel og rogn finst. Skogen er ikkje gammal, og kan vere fyrstegenerasjons skog på det som tidlegare har vore open beitemark. Vegetasjonen er fattig blåbærskog med typiske artar. Botnsjiktet er velutvikla og blir dominert av oseanske mosar.

Artsmangfold: Det blei påvist nokre typiske artar for temperert regnskog som dvergperlemose (*Microlejeunea ulicina*) og småhinnemose (*Plagiochila punctata*). I tillegg blei dei noko råmekrevjande, men relativt utbreia artane purpurmose (*Pleurozia purpurea*) og hinnebregne påvist. Det blei ikkje påvist artar i det oseanske lavsamfunnet sjølv om dette elementet finst i nærlieken.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten er ikkje påverka av nyare inngrep.

Vegetasjon: Blåbærskog (A4)

Verdivurdering: Lite fragment med ei skogtype som ikkje er særlig vanleg i regionen, men som har nokre særslig veluvikla førekomstar i nærlieken. Lokaliteten her ved Erevik inneheld ikkje mange av dei typiske arteane og er relativt liten. Avgrensinga er difor vurdert som lokalt viktig (C-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Verdiane i lokaliteten blir teke best omsyn til under fri utvikling.

17, Haukali, Naturbeitemark (Frisk fattigeng beitet) - Verdi B.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 28.06.2012 i samband med naturtypekartlegging i Forsand kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i den nordvendte lia ovanfor garden Haukali i Forsand og omfattar eit større areal med naturbeitemark. Området består av tverrgåande ryggar med dalar i mellom og liknar difor eit ravinlandskap. Berggrunnen i området er fattig og består av diorittisk til granittisk gneis. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseansk vegetasjonsseksjon, men heller truleg mest mot fyrstnemnte. Når det gjeld vegetasjonssone kan lokaliteten truleg plasserast i sørboreal sone.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen naturbeitemark med utforminga frisk fattigeng. Vanlege artar i enga er gulaks, raudsvingel, kystmaure, smyle, englodnegras, tepperot, hårsveve, engsoleie, lækjeveronika, småsyre, ryllik, blåklokke og bleikstorr. Nokre spreidde individ og klynger med svartor finst i forsenkningane. I botnsjiktet finst mykje engkransmose (*Rhytidadelphus squarrosum*)

Artsmangfold: På ei steinblokk i overkant av lokaliteten veks den sårbarer arten hodeskoddelav (*Menegazzia terebrata*).

Bruk, tilstand og påvirking: Lokaliteten er i god hevd og ser ikkje ut til å bli gjødsla.

Vegetasjon: Frisk fattigeng (G4)

Verdivurdering: Stort areal med ugjødsla, fattig naturbeitemark. Denne typen er ikkje særleg sjeldsynt i indre og litt mindre intensivt drivne områder, men lokaliteten ved Haukali er særstak og i god hevd. Den er difor vurdert som viktig (B-verdi), sjølv om det ikkje blei funne sjeldsynte artar som kan bli knytte til sjølve enga.

Skjøtsel og hensyn: Hevda på lokaliteten bør halde fram som i dag.

18, Oaland, Rik kulturlandskapssjø (Kalkfattigere utforming) - Verdi C.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt og Fylkesmannen i Rogaland ved Jon Inge Johnsen den 28.06.2012 i samband med naturtypekartlegging i Forsand kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Avgrensinga omfattar eit lite vatn med kantsone nedanfor garden Oaland i Forsand. Berggrunnen i området er fattig og består av diorittisk til granittisk gneis. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseansk vegetasjonsseksjon, men heller truleg mest mot fyrstnemnte. Når det gjeld vegetasjonssone kan lokaliteten truleg plasserast i mellomboreal sone.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen rik kulturlandskapssjø med kalkfattigare utforming. Noko sumpvegetasjon langsmed kantane og noko flytebladvegetasjon på grunt vatn. Vanlege artar er flaskestorr, elvesnelle, vanleg tjønnaks, gul nøkkerose, stor nøkkerose, bukkeblad og takrør. Øyrevier veks spreidd i kantsona som myra i sør.

Bruk, tilstand og påvirking: Lokaliteten blir sterkt påverka av gjødselsig frå omliggjande beitemark. Det er noko fyllmassar langsmed kanten av lokaliteten, mellom anna i vest. Det er slept aure i vatnet.

Vegetasjon: Elvesnelle-starr-sump (O3)

Flyteblad-vegetasjon (P2)

Verdivurdering: Kulturlandskapssjøar er ikkje vanlege i Forsand. Denne lokaliteten er likevel ikkje særleg artsrik, ligg høgt over havet og er difor vurdert som lokalt viktig (C-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Unngå fysiske inngrep i kantsonene til sjøen.

19, Lerangsvatnet V, Store gamle trær (Eik) - Verdi C.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt og Fylkesmannen i Rogaland ved Jon Inge Johnsen den 28.06.2012 i samband med naturtypekartlegging i Forsand kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg innunder Husafjellet, rett vest for Lerangsvatnet i Forsand og omfattar ei hol gammal eik i ei tørr, sørverndt rasmark. Berggrunnen i området består av augegneis og granitt. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseansk vegetasjonsseksjon, men heller truleg mest mot fyrstnemnte. Når det gjeld vegetasjonssone kan det meste av lågtliggjande areal i denne regionen plasserast i boreonemoral sone.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen store gamle tre med utforminga eik. Eiketre med ein diameter på 80-90 cm. Det er eit stort holrom på nedre deler av stammen. Det finst noko raudmold inne i treet. Vidare finst lite daude greiner på treet.

Verdivurdering: Hol eik i rasmark. Det blei ikkje registrert sjeldsynte eller trua artar på dette treet. Holheten er ganske open og det er lite truleg at det finst sjeldsynte eller trua insekt knytte til eika. Lokaliteten er vurdert som lokalt viktig (C-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Verdiane i lokaliteten blir teke best omsyn til under fri utvikling.

22, Varen (Vardatoppen) NA, Gammel lauvskog (Fuktig kystsokg) - Verdi B.

Innledning: Undersøkt av Tom H. Hofton (BioFokus) 28.6.2012 ifbm. naturtypekartlegging.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i lia på sørvestsida av Gásavatnet opp mot Varen (Vardatoppen), rett over vatnet frå Gitlandsåsen naturreservat, og består av ei relativt bratt nordaustvendt liside med eit nordvendt markert søkk i sør. Området er avgrensa mot vatnet i nedkant og skrinnare og tørrare skog ellers. Berggrunn: augegneis og granitt (NGU 2013). Bioklima-region: boreonemoral – klart oseanisk (BN-O2).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lia er dekt av nokså gammal blandingsskog dominert av furu og bjørk, med sparsamt og spreidd innslag av rogn, osp, hassel, eik og så vidt rognosal og kristtorn. Lia er nokså bratt, med ein del bergskrentar, og det er også ganske mykje skog som står på mosegrodd blokkmark. Vegetasjonstypen er nesten berre humid blåbærskog, men små rikare felt med lågurtskog finns også, og i det humide søkket i sør er det storbregneskog med bjørk, hegg, osp og furu. Skogen er nokså gammal, med spreidde nokså gamle furu og bjørk, stadsvis halvgrove hassel, i nord enkelte temmeleg gamle og middels grove eiketre, ellers tre mest av moderate dimensjonar. Det er lite daud ved.

Artsmangfold: Området har interessant artsomfang av kryptogamar, inkl. fleire lav og mosar på tresstammar og berg typiske for boreonemoral regnskog, sjølv om sjeldsynte og krevjande arter er få. På bjørk, rogn og hassel finns gammelgranslavsamfunnet ganske frodig (men ikkje artsrik), med mykje kattefotlav (*Arthonia leucopella*) og gammelgranslav (*Lecanactis abietina*), noko vanleg rurlav (*Thelotrema lepadinum*), og regnskogsartane *Arthonia arthonioides* og gul pærelav (*Pyrenula occidentalis*). På bjørk og furu er ringstry (*Usnea flammula*) ikkje sjeldsynt, på eik *Pachyphiale carneola* og *Mycobilimbia pilularis*, muslinglav (*Normandina pulchella*) spreidd, på osp stor fløyelslav (*Megalaria grossa*). Lungeneversamfunnet er berre heilt marginalt utvikla, på nokre få hasselstammar, med buktporelav (*Sticta sylvatica*) og grymfiltlav (*Pannaria conoplea*). Av mosar finns m.a. regnskogsartane dvergperlemose (*Microlejeunea ulicina*) spreidd på bjørk, og småhinnemose (*Plagiochila punctata*) ganske vanleg på berg. Av vedbuande sopp finns den nokså sjeldsynte rutebroddsopp (*Hymenochaete corrugata*) på levande hassel, og eikebarkskorpe (*Dendrothele commixta*) på barken av levande eik. Karplantefloraen er ordinær, men m.a. myksa finns på små lågurtsparti, og rognosal spreidd.

Bruk, tilstand og påvirkning: Eldre skog som ikkje er påvirka i nyare tid.

Fremmede arter: Ingen registrert.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten ligg på ei halvøy med mykje boreonemoral regnskog og kystfuruskog, og dessutan i kanten av eit ganske stort sammanhengande gammalskogsområde der Gitlandsåsen naturreservat utgjer kjernen (men med fleire viktige lokaliteter utanfor reservatet, ikkje minst på vestsida av Gásavatnet).

Verdivurdering: Området har eldre, moderat til middels godt utvikla boreonemoral regnskog med ganske god treslagsblanding og innslag av gammal bjørk og eik. Artsmangfaldet er moderat interessant, med fleire raudlisteartar og fleire typiske regnskogsartar på både berg og tresstammar, men sjeldsynte og kravfulle arter er få (men slike kan finnast, kanskje særlig er det potensial for mosar på berg). Lokaliteten er vurdert som viktig (verdi B).

Skjøtsel og hensyn: Fri utvikling (ingen inngrep) vil vere optimalt for ivaretaking av naturverdiane.

23, Heiatjørna S, Gammel lauvskog (Fuktig kystskeg) - Verdi C.

Innledning: Undersøkt av Tom H. Hofton (BioFokus) 29.6.2012 ifbm. naturtypekartlegging.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på sør-sørvestsida av Heiatjørna litt aust for Gitlandsåsen naturreservat og vest for Rv13. Lokaliteten består av ei smal stripe brattlendt skog innunder ein langstrakt nordvendt låg bergskrent, avgrensa av skrinnare og tørrare skog omkring. Berggrunn: augegneis og granitt (NGU 2013). Bioklima-region: sørboreal – klart oseanisk (SB-O2).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Skogen står i ei humid nordvendt skrånning/svak gryte, med overrislete våte bergskrenter bak. Det er bjørk-furu blandingsskog, med sparsamt innslag av småvekst rogn. Fleire stader er det mykje større og mindre mosegrodde steinblokker. Av bjørk finns ein del gamle tre, mens andre treslag ikkje er særskilt gamle. Det er lite daud ved.

Artsmangfold: Skogen er humid, og fleire råmekrevjande kryptogamar i det boreonemoriale regnskogselementet vart funnen, men elementet verkar berre ganske svakt utvikla, og sjeldsynte/krevjande arter er ikkje påvist. På berg og stein veks hinnebregne, pelssåtemose (*Campylopus atrovirens*), grannkrekmose (*Lepidozia pearsonii*) og purpurmose (*Pleurozia purpurea*), på gammal bjørk m.a. *Arthonia arthonioides*, kattefotlav (*A. leucopella*), gammelgranslav (*Lecanactis abietina*) og vanleg rurlav (*Thelotrema lepadinum*).

Bruk, tilstand og påvirkning: Eldre skog som ikkje er påvirka i nyare tid.

Fremmede arter: Ingen registrert.

Del av helhetlig landskap:

Verdivurdering: Området har eldre kystskeg som kan klassifiserast som kjøleg boreonemoral regnskog, men berre svakt utvikla og det er ikkje påvist sjeldsynte/krevjande arter, og lokaliteten er vurdert difor som lokalt viktig (verdi C).

Skjøtsel og hensyn: Fri utvikling (ingen inngrep) vil vere optimalt for ivaretaking av naturverdiane.

25, Dørviklia, Kystfuruskog (Temperert regnskog med furu) - Verdi B.

Innledning: Undersøkt av Tom H. Hofton (BioFokus) 26.6.2012 ifbm. naturtypekartlegging.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg sør-søraust for Dørvika på austsida av Lysefjorden, og består av ei høg og bratt nordvendt brei dalgryte oppe i lia ovanfor fylkesvegen, avgrensa av eit større hogstfelt i nedkant og skrinnare-tørrare skog ellers. Berggrunn: dels båndgneis, dels diorittisk til granittisk gneis og migmatitt (NGU 2013). Bioklima-region: sørboreal – klart oseanisk (SB-O2).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lia er dekt av gammal blandingsskog med furu og bjørk som vanlegaste treslag, og med spreidd-sparsamt innslag av rogn og eit par ospeholt. Vegetasjonstypen er blåbærskog, sjeldsynt storbregneskog, og nokre små punkt av svak lågurtskog nokre stader. Det er mykje små bergskrentar i skogen. Skogen er nokså gammal, med grov furu (50 cm vanleg dbh, nokre

tre opp mot 70 cm), og mykje gammal og nokså grov bjørk, gammel og grov osp, og gamle men smådimensjonerte rogn. Spreidd fins litt gadd og læger av både furu og lauvtre (bjørk og osp), i fleire nedbryningsstadier, men berre ganske små mengder.

Artsmangfold: Området har interessant arts mangfold både av lav, mosar og vedbuande sopp. Det boreonemoriale regnskogselementet inngår spreidd, med ringstry (*Usnea flammula*) på furu, kystvortelav (*Pertusaria multipuncta*) på rogn, skorpelaven *Arthonia arthonioides* på bjørk, hinnebregne på berg, og råmekrevjande mosar på stein og berg m.a. gullhårmose (*Bretelia chrysocoma*), pelssåtemose (*Campylopus atrorubens*) og noko purpmose (*Pleurozia purpurea*). Hodeskoddelav (*Menegazzia terebrata*) vart sett sparsamt på rogn. Av meir utbreidde artar er det mykje kattefotlav (*Arthonia leucopellaea*), gammelgranlav (*Lecanactis abietina*) og vanleg rurlav (*Thelotrema lepadinum*) på bjørk, stor fløyelslav (*Megalaria grossa*) på osp. Av vedbuande sopp vart den sjeldsynte tyrikokskinn (*Phlebia serialis*) funnen på grov furulåg (ikkje tidlegare funnen i Rogaland), og truleg *Gloeocystidiellum porosum* på ospelåg.

Bruk, tilstand og påvirkning: Eldre skog som ikkje er påvirkta i nyare tid. I nedkant er eit stort hogstfelt der det truleg har stått liknande (men kanskje enda fuktigare skog) enn i lia ovanfor.

Fremmede arter: Ingen registrert.

Del av helhetlig landskap:

Verdivurdering: Området har gammal kystfuruskog og moderat utvikla kjølig boreonemoral regnskog, med gamle tre av både furu, bjørk, rogn og osp, stabilt humid, og eit interessant arts mangfold med fleire raudlisteartar, inkl. typiske regnskogsartar av lav og mose og sjeldsynte vedbuande sopp. Lokalitetten er vurdert som ein sterkt B-verdi (viktig).

Skjøtsel og hensyn: Fri utvikling (ingen inngrep) vil vere optimalt for ivaretaking av naturverdiane.

26, Indre Dørvikneset A, Gammel lauvskog (Fuktig kystskskog) - Verdi C.

Innledning: Undersøkt av Tom H. Hofton (BioFokus) 26.6.2012 ifbm. naturtypekartlegging.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokalitetten ligg aust for Indre Dørvikneset på austsida av Lysefjorden, og består av ei nordvendt lita dalgryte opp fra fylkesvegen, avgrensa mot skrinnare skog omkring. Berggrunn: augegneis og granitt (NGU 2013). Bioklima-region: sørboreal/boreonemoral – klart oseanisk (SB/BN-O2).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Området har middelaldrande, fattig blåbær-bjørkeskog, med nokre steinblokker og i bakkant ein låg bergvegg.

Artsmangfold: Skogen er humid, og på berg og stein veks ein del typiske suboseaniske mosar, m.a. vengemose (*Douinia ovata*), fleinljåmose (*Dicranodontium denudatum*), småstytle (*Bazzania tricrenata*) og storstytle (*B. trilobata*), men meir kravfulle artar vart ikkje sett. Lavfloraen er fattig.

Bruk, tilstand og påvirkning: Eldre skog som ikkje er påvirkta i nyare tid. Ei lita kraftlinje går på austsida.

Fremmede arter: Ingen registrert.

Del av helhetlig landskap:

Verdivurdering: Oseanisk bjørkeskog, men relativt ung skog og uten krevjande artar (truleg noko for tørt lokalklima), og lokalitetten har berre marginale verdier. Verdisetting: lokalt viktig (verdi C).

Skjøtsel og hensyn: Fri utvikling (ingen inngrep) vil vere optimalt for ivaretaking av naturverdiane.

27, Pannevikskogen, SV for Nedreidane, Gammel lauvskog (Fuktig kystskskog) - Verdi C.

Innledning: Undersøkt av Tom H. Hofton (BioFokus) 26.6.2012 ifbm. naturtypekartlegging.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokalitetten ligg SV for Nedreidane på austsida av Lysefjorden, og består av eit nordvendt, grunt, ganske bratt dalsøkk og NØ-vendte hellingar på vestsida av søkket, avgrensa mot beita mark i nedkant og tørrare og skrinnare bjørkeskog ellers. Berggrunn: augegneis og granitt (NGU 2013). Bioklima-region: sørboreal – klart oseanisk (SB-O2).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Området har humid og fattig, middelaldrande blåbær-bjørkeskog med spreidd småvokst rogn. Større og mindre steinblokkar og småberg er vanleg. Feitsjiktet ber noko preg av beiting av sau.

Artsmangfold: Skogen er stabilt humid, og på berg og stein veks eindel typiske oseaniske og suboseaniske mosar, m.a. gullhårmose (*Bretelia chrysocoma*), pelssåtemose (*Campylopus atrorubens*), vengemose (*Douinia ovata*), purpmose (*Pleurozia purpurea*), samt vidare utbreidde artar som heimose (*Anastrepta orcadensis*), fleinljåmose (*Dicranodontium denudatum*), småstytle (*Bazzania tricrenata*) og storstytle (*B. trilobata*). Lavfloraen er fattig, med kattefotlav (*Arthonia leucopellaea*) på bjørk som einaste av ein viss interesse.

Bruk, tilstand og påvirkning: Eldre skog som ikkje er påvirkta i nyare tid. Ein traktorveg går inntil lokalitetten i nedkant. Sau beitar noko i skogen.

Fremmede arter: Ingen registrert.

Del av helhetlig landskap:

Verdivurdering: Dette er humid, oseanisk bjørkeskog, men lokalklimaet er tydeleg ikkje optimalt, og området har berre ganske sparsamt utvikla oseanisk arts mangfold, og er vurdert difor som berre lokalt viktig (verdi C).

Skjøtsel og hensyn: Fri utvikling (ingen inngrep) vil vere optimalt for ivaretaking av naturverdiane. Beite vil truleg vere indifferent.

28, Kammen SV, A for Eidavatnet, Gammel fattig edellauvskog (Eikeskog) - Verdi A.

Innledning: Undersøkt av Tom H. Hofton (BioFokus) 27.6.2012 ifbm. naturtypekartlegging.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i den djupe, veglause dalen Haukalivatnet-Eidavatnet, nærmere bestemt rett nord for Vassbotnvatnet, og består av eit vestvendt lite bekkesøkk ned mot Eidavatnet med tilhörande hellingar, avgrensa mot granplantefelt i sørvest og ordinær bjørkdominert skog ellers. Berggrunn: augegneis og granitt (NGU 2013). Bioklima-region: boreonemoral – klart oseanisk (BN-O2).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Her står gammal eikeskog med noko osp og bjørk isprengd, i hovudsak av blåbærtypen, med overgang mot svak lågurtskog nokre stader. I øvre del står ca 30-35 grove, gamle eiketre, dei fleste i storleiken 50-70 cm stammediameter, dei største opp mot 80-90 cm. Trear har oppsprukken bark, grove levande og daude greiner, fleire har daude stammedelar, og 6-7 av trea er svakt til moderat hule. På bakkene ligg nokre eikelæger dannet frå grove nedfalde greiner, delstammer og stammedelar. Det er god forsyngelse av eik under dei gamle trea. I nedre delen av området står meir ordinær, rettstamma halvgammal eikeskog med tre på 30-40 cm. Kanskje har området vore eikehage/hagemarksskog for lenge sidan, men skogen ber lite preg av dette i dag.

Artsmangfold: Dei gamle eiketreane og daud eikeved har ein interessant lavflora og sopfunga, med fleire sjeldsynte artar. På levande eik fins m.a. kystnever (*Lobaria virens*), muslinglav (*Normandina pulchella*), grynnflattlav (*Pannaria conoplea*), vanlig rurlav (*Thelotrema lepadinum*) og *Thelotrema rubella*. Av vedbuande sopp vart sett dei nokså vanlege eikebarkskorpe (*Dendrothele commixta*), eikebroddsopp (*Hymenochaete rubiginosa*) og svoveljuke (*Laetiporus sulphureus*), og på ein grov nedfallen delstamme var det svært rikeleg fruktifisering av den sjeldsynte eikedynejuke (*Perenniporia medulla-panis*). På levande osp var det stor ospeildjuke (*Phellinus populicola*).

Bruk, tilstand og påvirkning: Skogen har sikkert vore beite tidlegare, kanskje har det vore hardt beita eikehage, men skogen ber lite preg av dette i dag. I bekken er det på toppen ein gammal steindam, og eit nyare rør går herifrå ned til Eidavatnet.

Fremmede arter: Ingen registrert, men stor fare for spontanspreiing av gran inn i lokaliteten.

Del av helhetlig landskap:

Verdivurdering: Området har store naturverdiar knytt til konsentrasjon av gamle eiketre med viktige strukturar for biologisk mangfold (grov bark, gamle greiner og tørrgreiner, hule parti, daud ved), med fleire sjeldsynte artar (inkl. ein som er særte sjeldsynt på Vestlandet). Lokaliteten er vurdert difor som særte viktig (verdi A).

Skjøtsel og hensyn: Fri utvikling (ingen inngrep) vil vere optimalt for ivaretaking av naturverdiane. Beite vil truleg vere indifferent.

29, Vassbotn, Naturbeitemark - Verdi C.

Innledning: Undersøkt av Tom H. Hofton (BioFokus) 27.6.2012 ifbm. naturtypekartlegging.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i den djupe, veglause dalen Haukalivatnet-Eidavatnet, nærmere bestemt rett nord for Vassbotnvatnet, og består av den åpne beitemarka omkring Vassbotn-plassen, avgrensa mot yngre skog rundt. Berggrunn: dels båndgneis, dels diorittisk til granittisk gneis og migmatitt (NGU 2013). Bioklima-region: boreonemoral – klart oseanisk (BN-O2).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Vassbotn er ein gammal, nå ikkje-bebodd liten gard, med rimelig intakte hus og eindel åpen beitemark med steingjerder rundt. Vegetasjonstypen vekslar mellom frisk fattigeng, noko tørrare fattigeng (mest på litt brattare bakkar vest for elva), og nokre stader øg fuktig fattigeng, førstnemnde dominarar. Beitemarka er i god hevd og er godt avbeita. Under inventeringa var det geiter på vestsida og lama på vestsida. Spreidde enkeltstående lauvtre og små alléer/holt av lauvtre finns, av desse er fleire større platanlønn og ei gammal stuvingssask. Det har tidlegare stått ei lengre rekkeje med gamle stuvingssaskar langsmed bekken, men desse er nyleg hogd.

Artsmangfold: Vegetasjonen er fattig, og karplantefloraen verkar triviell, men fleire typiske engplantar vart sett, som smalkjempe, gulaks (mykje), kystmaure, samt mykje engkransmose (*Rhytidiodelphus squarros*) i botnsjiktet. Det var særte lite sopp å se på undersøkingstidspunktet, og evt. interessante beitemarkssopp er ikkje dokumentert, men det kan vere potensial for slike.

Bruk, tilstand og påvirkning: Området blir beita av geiter og lama. Beitemerket er høgt, og er vurdert som passande. Det kunne nesten verke som om delar av marka vart slått som plen. Området verkar lite gjødsla. Rekkja med gamle stuvingssaskar er nyleg hogd, noko som er svært uehdig. I 2012 sto det ein trelavvo på beitemarka, og det låg fleire haugar med nyleg oppkappa ved.

Fremmede arter: Fleire større platanlønn står i kanten av beitemark, og eit tre øg utpå.

Del av helhetlig landskap:

Verdivurdering: Beitemarka har godt beitemerk, verkar lite gjødsla, og har eit godt utvikla naturbeitepreg med både frisk og tørr eng, og med potensial for interessante beitemarkssopp. Lokaliteten er vurdert førebels som lokalt viktig (verdi C).

Skjøtsel og hensyn: Beite på nåverande nivå. Gjødsling og jordbearbeiding må unngås. Gammal ask må få stå.

30, Eikjeland SV, Gammel lauvskog (Fuktig kystskskog) - Verdi B.

Innledning: Undersøkt av Tom H. Hofton (BioFokus) 28.6.2012 ifbm. naturtypekartlegging.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i Espedalen, på sørsida av Espedalsåna, og består av ei nordvestvendt liside mellom elva og fylkesvegen litt oppi lia på sørsida. Avgrensa område grensar mot elva i nedkant, vegn i oppkant, og stort sett mot beitemark og anna kulturmark mot vest og aust. Berggrunn: diorittisk til granittisk gneis og migmatitt (NGU 2013). Bioklima-region: boreonemoral – klart oseanisk (BN-O2).

-Naturtypar i Forsand kommune 2012 -

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lia har lauvskog dominert av bjørk, samt ein god del svartor, og sparsamt ask, hegg, rogn og selje. Vegetasjonstypen er for det meste humid blåbærskog. Nederst er det mest svartor, partivis i form av rein, fattig til intermediær svartorsumpskog (som kanskje stadvis heller er fattig svartor-kjeldeskog). Sump- og kjeldepartia er ikkje grøfta, og har intakt hydrologi. Skogen er stort sett ganske tett, men ein del mosegrønne steinblokker bryt stadvis opp tresjiktet noko. I vest står skogen i mosaikk med beitemark. Det meste av skogen er middeldaldrande, med tre av moderat alder og dimensjonar og med lite død ved, men særleg i nedste delen mot elva, er det ein del grov og gammal svartor. Det er òg grov svartor i mosaikk med beitemarka.

Artsmangfold: I utgangspunktet har området bra potensial for råmekrevjande mosar og lav på berg og tre (humid, nordvestvendt, sump- og kjeldeparti, lågliggande langs større elv), men det vart ikkje påvist spesielle eller sjeldne arter (men kystkorall-lav *Bunodophoron melanocarpum* er tidlegare funne på oversida av vegen). Artsundersøkingane var ikkje særskilt grundige (mørkt og vanskelege leiteforhold). Heller ikkje av karplanter er det påvist anna enn heilt ordinære arter.

Bruk, tilstand og påvirkning: Det meste av lia har eldre skog som ikkje er påvirka i nyare tid, men vestre delen, mot beitemarka, blir sikkert noko beita.

Fremmede arter: Ingen registrert.

Del av helhetlig landskap:

Verdivurdering: Lia har eldre låglandsskog som er stabilt humid og fuktig, og med i utgangspunktet gunstig for råmekrevjande kryptogamar. Sjølv om slike ikkje er påvist, er det sannsynlig at fleire spesielle arter finst. Området er eit av få litt større parti med samanhengande låglandsskog langs Espelandsåna, og har difor viktig landskapsøkologisk funksjon. Under noko tvil er vurdert lokaliteten som viktig (verdi B).

Skjøtsel og hensyn: Fri utvikling (ingen inngrep) vil vere optimalt for ivaretaking av naturverdiane. Beite i nærområda til beitemarka i vest er truleg indifferent, men ein bør ikkje sleppe beitedyr ut i våte skogparti (sump- og kjeldeeskog) pga. fare for tråkkskadar.

31, Espedalsvatnet NV, Rik edellauvskog (Alm-lindeskog) - Verdi A.

Innledning: Undersøkt av Tom H. Hoftun (BioFokus) 28.6.2012 i samanheng med naturtypekartlegging. Østre del er kartlagt i 2009 av Geir Gaarder, Helge Fjeldstad og Trond Magne Storstad som naturtypelokalitet BN000080491 "Espedalsvatnet nord" (Naturbase 2013), denne blir her slått sammen med arealet kartlagt i 2012. Ny beskrivelse og avgrensning 2012 erstatter tidligere lokalitet.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på nordsida av Espedalsvatnet, om lag midt på vatnet, og består av ei bratt soraustvendt li avgrensa mot veg og vatnet i nedkant, stup og svært bratte bergskrentar i oppkant, og store åpne rasmarker og skrinn skog mot nord og sør. Tverrskarbekken i sør dannar ei lita bekkekloft. Berggrunn: dels diorittisk til granittisk gneis og migmatitt, med stripar av båndgneis og amfibolitt (NGU 2013). Bioklima-region: boreonemoral – Klart oseanisk (BN-O2).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Mykje av lia har meir eller mindre steinete, fattig til intermediær bjørkedominert skog (blåbærskog og svak lågurtskog). Langsmid rikare stripa i berget er treslagsblandinga større, og fleire stader er det her edellauvskog med lind, ask, noko hassel og einskilde eik, samt sparsamt selje og osp. Edellauvskogen er mest intermediær lågurtskog, mens rikare lågurtskog er sjeldsynt. Fleire stader bryt små og større glissent tresette eller åpne rasmarksfelt opp skogen. Skogen er jamnt over relativt gammal. Det er godt innslag av grove, gamle lind og ask (mange/alle desse er styva for lenge sidan), og òg nokre ganske grove eiketre, mens andre treslag er mest ikkje særskilt gamle og grove. Nokre stader er det nokså ung askeskog. Det er ikkje spesielt mykje daud ved, men spreidd ligg nokre læger og nedfalne greiner av flere ulike treslag på bakken.

Artsmangfold: Karplantefloraen er jamnt over ganske fattig, med arter typiske for steinete, fattig lågurtskog, og med lokalt engprega feltsjikt (m.a. blåklokke, smalkjempe, lodnegras). På små rikare punkt finns også m.a. Junkerbregne, hundekveke, skogsål, myske. Lavfloraen på dei gamle edellauvtræa og på berg er fleire stader relativt rik, men krvstore og sjeldsynte arter finns berre sparsamt. Lungeneversamfunnet er middels godt utvikla, med fløyelsglye (*Collema furfuraceum*), blyhinnelav (*Leptogium cyanescens*), filthinnelav (*L. saturninum*), sòlvnever (*Lobaria amplissima*), lungenever (*L. pulmonaria*), skrubbenever (*L. scrobiculata*), kystnever (*L. virrens*), kystvrenge (*Nephroma laevigatum*), grynfiltlav (*Pannaria conoplea*), kystfiltlav (*Pannaria rubiginosa*), rund porelav (*Sticta fuliginosa*), buktporelav (*S. sylvatica*), grynporelav (*S. limbata*), og dei sjeldsynte prakthinnelav (*Leptogium cochleatum*) og truleg konfiltratlav (*Parmeliella testacea*). Av skorpelav finns dei oseaniske *Pachyphiale carneola* og *Thelopsis rubella* spreidd på ask og lind. Av moser er kveilmose (*Pterogonium gracile*) og galleteppemose (*Porella arboris-vitae*) sett på berg. Sopp er lite undersøkt. Vedsoppfungaen virker fattig, og det er truleg heller ikkje særskilt stort potensial for jordbuande sopp.

Bruk, tilstand og påvirkning: Heile lia har eldre til gammal skog som ikkje er påvirka i nyare tid. Tidlegare bruk av imidlertid vore meir omfattande, med mykje styving av lind og ask, og truleg òg noko beite (gras- og urterike parti i sakte attgroing).

Fremmede arter: Ingen registrert.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten ligg eit distrikt med uvanleg høg førekommst av krvfulle lav- og dels moseartar typisk for tempererte regnskogar. Sjølv om den avgrensa lokaliteten ikkje ligg heilt inntil andre førekommstar av regnskog, må han reknas som ein viktig del av desse førekommstane.

Verdivurdering: Lia har klare naturverdiar knytt til gammal oseanisk edellauvskog, og er ein variant av varmekjær boreonemoral regnskog (om enn ikkje særskilt godt utvikla), med relativt rik lavflora i første rekke på gamle ask og lind (inkl. to EN-arter og to VU-arter). I tillegg er her moderate kvalitetar knytt til nokså gammal bjørkedominert skog. Dei største naturverdiane finns i nordre del, men òg i sør er det flere stripa med edellauvskog. Lokaliteten vurderast som svært viktig (verdi A), men på grensa mot B.

Skjøtsel og hensyn: Fri utvikling (ingen inngrep) vil vere optimalt for ivaretaking av naturverdiane, sjølv om lia har ein del styvingstre. Beite er truleg indifferent for naturverdiane.

32, Tungebekken, Gammel lauvskog (Fuktig kystskskog) - Verdi B.

Innledning: Undersøkt av Tom H. Hoftun (BioFokus) 28.6.2012 ifbm. naturtypekartlegging.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg sør for Øvre Espedal, og består av eit parti i den bratte nordvendte lia langsmed Tungebekken, som i øvre del dannar en foss, samt lisideskogen vest for bekken. Avgrensa område grenser mot beiteskog i nedkant og tørrare

-Naturtypar i Forsand kommune 2012 -

bjørkedominert skog ellers. Berggrunn: dels båndgneis, dels diorittisk til granittisk gneis og migmatitt (NGU 2013). Bioklima-region: sørboreal – klart oseanisk (SB-O2).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lia har for det meste humid, middelaldrande, glissen, fattig bjørkeskog (mest blåbærtypen) med mykle steinblokker og småberg. Der bekken fell bratt ned er det nær åpent, berglendt. Her dannar bekken antydning til fosserøyksamfunn på berga, men berre svakt utvikla. Skogen langs sjølve bekkeløpet nedover er tettare, fattig blandingsskog av bjørk og hegg. Naturtypen er her sett til "skog", men det er artsmessig stort overlapp mot "nordvendte kystberg og blokkmark".

Artsmangfold: Lokaliteten ligg i ei nordvendt beskytta iside, som sammen med bekken gir eit stabilt humid klima, skogen er skyggefull, kjølig og humid, og med ein del råmekrevjande mosar på berg og steinblokker, inkludert fleire oseaniske karakterartar som gullhårmose (*Breutelia chrysocoma*), pelssåtemose (*Campylopus atrovirens*), grannkrekmose (*Lepidozia pearsonii*), pururmose (*Pleurozia purpurea*) og prakttvebladmose (*Scapania ornithopodioides*), samt meir utbreidde suboseaniske artar som heimose (*Anastrepta orcadensis*), småstylte (*Bazzania tricrenata*), storstylte (*B. trilobata*), fleinljåmose (*Dicranodontium denudatum*), kysttornemose (*Mnium hornum*). Sjeldne artar vart ikkje funne. Andre artsgrupper er av liten interesse. Orelav (*Hypotrichyna revoluta*) vart sett på hegg. Vegetasjonen er fattig og karplantefloraen triviell.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lite påvirka i nyare tid, men nedre deler blir beita noko av sau som beveg seg opp i lia nedanifrå.

Fremmede arter: Ingen påvist.

Del av helhetlig landskap:

Verdivurdering: Lokaliteten har kvalitetar knytt til stabilt humid, oseanisk blokkmarks-bjørkeskog, med eit oseanisk element av mosar, men utan at området kan seias å vere spesielt verdifullt. Lokaliteten er vurdert som viktig (verdi B).

Skjøtsel og hensyn: Fri utvikling (ingen inngrep) vil vere optimalt for ivaretaking av naturverdiane.

33, Plasset SA, Naturbeitemark - Verdi C.

Innledning: Undersøkt av Tom H. Hofton (BioFokus) 28.6.2012 ifbm. naturtypekartlegging.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i Øvre Espedal, heilt i sørkanten av kulturlandskapet, inn mot den bratte nordvendte skoglia oppover langs Tungebekken, og grensar til skog i sørkant og kunsteng/sterk gjødslet beitemark ellers. Det er noko vanskeleg å avgjere grensa mot sterkare gjødsla mark. Berggrunn: dels båndgneis, dels diorittisk til granittisk gneis og migmatitt (NGU 2013). Bioklima-region: sørboreal – klart oseanisk (SB-O2).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Arealet er åpen beitemark (sau) på noko småkupert mark, med mange store og små steinblokker (som tyder på at marka ikkje har vore underlagt same intensive bruk som mykle av kulturlandskapet ellers i Øvre Espedal) og gamle steingjerder. Vegetasjonstypen er i hovudsak frisk fattigeng, med fuktigare fattigeng i forsenkingar, og med våtare vegetasjonstyper mot bekkedrag i aust. Beitemarka er godt avbeita og ber ikkje preg av attgroing. Nokre få lauvtre av midlare alder står spreidd. Oppover i hellinga overtek glissen beiteskog med bjørk, einer og litt hegg på fuktige stader.

Artsmangfold: Artsmangfoldet er dårlig undersøkt. Vegetasjonen er fattig, og karplantefloraen verkar triviell. Det var særslit sopp å se på undersøkingstidspunktet, og evt. interessante beitemarksopp er ikkje dokumentert.

Bruk, tilstand og påvirkning: Området blir beita av sau. Beitetrykket er høgt, og er vurdert som passande. Området verkar å vere relativt lite gjødsla, i alle fall samanlikna med omkringliggende kulturmark.

Fremmede arter: Ingen påvist.

Del av helhetlig landskap:

Verdivurdering: Beitemarka har godt beitetrykk, opprinnelig preg (mykle stein og steingjerder), og verkar lite gjødsla, og skil seg ut frå andre, mer intensivt drivne delar av kulturlandskapet i Øvre Espedal. Lokaliteten er vurdert førebels som lokalt viktig (verdi C).

Skjøtsel og hensyn: Beite på nåverande nivå. Gjødsling og jordbearbeiding må unngås.

34, Haukali S, Gammel lauvskog (Fuktig kystskskog) - Verdi B.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt og John Inge Johnsen den 28.06.2012 i samband med naturtypekartlegging i Forsand kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følger Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i den nordvendte lia sør for garden Haukali i Forsand og omfattar eit større areal med kryptogamrik bjørkeskog. Lokaliteten si avgrensing vert rekna som noko usikker. Berggrunnen i området er fattig og består av diorittisk til granittisk gneis. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998), men heller truleg mest mot fyrstnemnte. Når det gjeld vegetasjonssone kan lokaliteten truleg plasserast i sørboreal sone.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen gammal lauvskog med utforminga fuktig kystskskog. Bjørkedominert skog med innslag av noko ask, hegg og rogn. Skogen er ikkje særlig gammal og det finst få gamle tre og lite daud ved. Vegetasjonen er for ein stor del typisk blåbærskog med mykle torvmose og noko fattig sigvegetasjon. Rikare flekker finst langsmed bekkar og ved nokre bergframspring. I dei rikare partia er karplantefloraen ganske rik med artar som skogsalat, lundrapp, vassarve, mjødurt, sløke, trollurt og skogstorkenebb. Både i botnsjiktet og på bergveggar finst eit rikt utval meir eller mindre råmekrevande mosar.

Artsmangfold: Mosefloraen er artsrik med fleire råmekrevande artar. Dei sjeldsynte artane kystflo (Heterocladium wulfsbergii) (VU) og buttturnemose (Rhabdoweisia crenulata) (VU) blei begge funne i ein liten bekkedal nord i lokaliteten. Av andre interessante artar finst mellom anna pururmose (*Pleurozia purpurea*), kulegråmose (*Racomitrium ellipticum*), seterflette (*Hypnum hamulosum*), gullhårmose (*Breutelia chrysocoma*) og bergljåmose (*Dicranodontium uncinatum*).

-Naturtypar i Forsand kommune 2012 -

Bruk, tilstand og påvirkning: Sjølve lokaliteten er ikkje påverka av nyare inngrep, men den grensar mot planta granskog i nedkant

Fremmede arter: Ikkje registrert

Vegetasjon: Hinnebregne-utforming (Rødlistebetegnelse) (F2d)

Blåbærskog (A4)

Småbregneskog (A5)

Verdivurdering: Fuktig skogslid med funn av fleire sjeldsynte og dels raudlista, råmekrevande moseartar. Dette miljøet er ganske vanleg i regionen, men innhold eit sørvestleg artselement som ikkje har særleg stor utbreiing landet sett under ett. Lokaliteten er derfor vurdert som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Fri utvikling (ingen inngrep) vil vere optimalt for å bevare naturverdiane.

3.3 Registreringsstatus


I følgje naturtypehandboka (Direktoratet for Naturforvaltning 2007) kap. 7.7 er det ei målsetting at kommunen skal ha oversikt over kva areal som er godt kartlagt og kva som ikkje er godt kartlagt. I eit prosjekt med avgrensa middel vil ein ikkje kunne kartlegge alt areal innan ein kommune. Målet med kartlegginga i Forsand i 2012 var å skaffe tilstrekkeleg god oversikt over lågliggende areal vest i kommunen.

Arealet som nå er skravert i dekningskartet (**figur 2**), er vurdert som godt kartlagt. Ei naturtypekartlegging er ment og skaffe til veie ein overordna oversikt over naturverdiane som finst i kommunen. Dette betyr likevel ikkje at alt areal er detaljkartlagt, og om det til dømes er planlagt ei utbygging, må ein ut og gjere ei meir detaljert naturkartlegging, ofte som eit ledd i ei heilskapleg konsekvensutreiling. Dette er årsaka til at BioFokus ikkje bruker omgrepet "fullstendig kartlagt" jf. DN sin fire trinns skala til å beskrive grad av dekning. Dei tre andre er "godt kartlagt", "dårlig kartlagt" og "ikkje kartlagt". Dei delane av kommunen som ikkje er skravert som "godt kartlagt" etter BioFokus si kartlegging i 2012 vurderast førebels som "dårlig kartlagt". Dette er truleg upresist for noko areal langsmed Lysefjorden, men vi kjenner ikkje til kor godt dette arealet som heilskap er kartlagt.

Om ein skal peke på eit vidare behov for kartlegging, kan det vere å få ei heilskapleg oversikt over naturverdiane langsmed Lysefjorden. Fjellområda i Forsand er truleg for det meste relativt artsfattige på grunn av den sure og harde berggrunnen som dominerer store område.



Lokalitet 11, Lerangshammaren. Førekomst av grå buktkrinslav (EN).



Figur 2: Dekningskartet viser dei delane av Forsand kommune som i dag er vurdert og vere godt kartlagt. Areal som ikkje er skravert er rekna som därleg kartlagt.

3.3.1 Status for dei ulike hovudnaturtypane

Vurderingane under gjeld for kommunen som heilskap.

Myr og kjelde: Det er tidlegare registrert ein lokalitet med rikmyr i Forsand, men det vart ikkje registrert myr- og kjeldelokalitetar i 2012. Det kan førekomme noko areal med rikare myr i høgtliggande delar av kommunen, med potensialet er truleg ikkje særleg stort. → Kartleggingsstatus: Middels godt kartlagt.

Rasmark, berg og kantkratt: Det er berre registrert to lokalitetar innanfor denne hovudtypa, og begge desse er nordvendte kystberg og blokkmark. Mindre areal med denne typen ingår i fleire lokalitetar med til dømes gammal lauvskog. → Kartleggingsstatus: Middels godt kartlagt.

Kulturlandskap: Ved kartlegginga i 2012 blei det sett fokus på kulturlandskap og dei naturtypane som hører til her. Det blei funne fleire viktige og særsviktige lokalitetar med førekommst av sjeldsynte artar. Det gjeld stort sett hagemarkar og gamle tre med ein artsrik kryptogamflora, samt nokre u gjødsela naturbeitemarker. Hovudnaturtypen kulturlandskap er nå rekna som godt dekka inn. → Kartleggingsstatus: Godt kartlagt.

Ferskvann/våtmark: Det finst ikkje mange lokalitetar innanfor denne hovudnaturtypen i Forsand. Viktige bekkedrag er ein type med som ofte inngår i naturtypen bekkekloft og bergvegg og som berre i einskilde tilfelle har vorte kartlagt som sjølvstendige lokalitetar.

Sjølv om de fleste litt større bekkedraga i låglandet er vurdert, er det truleg at det finst flere viktige bekkedrag som munnar ut i Lysefjorden. Nokre av desse er tidlegare kartlagt i samband med bekkekløftprosjektet, men mange bekkar står att. Desse miljøa langsmed Lysefjorden har eit særskild godt potensial for sjeldsynte mosar knytt til rennande vatn. → Kartleggingsstatus: Middels godt kartlagt

Skog: Skogområda i Forsand har i naturtypesammanheng vorte kartlagt i fleire trinn. Bekkekløftkartlegginga i 2008 førte med seg mange lokalitetar langsmed Lysefjorden. Vidare har det i perioden 2006-2009 vorte brukt noko tid på å kartleggje skogverdiar i fleire delar av kommunen. Dette har på ingen måte vore systematiske registreringar, men dei potensielt mest verdifulle lokalitetane vart oppsøkt. Kartlegginga i 2012 skulle ikkje fokusere særskilt på skog, men fleire lågtliggende lokalitetar vart kartlagt vest i kommunen. Truleg er dei mest verdifulle lokalitetane med gammal lauvskog og rik edellauvskog nå fanga opp. Unntaket er Lysefjorden, der det står att ein del areal som førebels ikkje er oppsøkt. Nokre lokalitetar med kystfuruskog er òg avgrensa, men det er berre ein liten del av kommunen som er aktuell for denne typen, og dette området, nord og aust for Kolabygda, er ganske godt dekka. → Kartleggingsstatus: Middels/godt kartlagt.

Kyst og havstrand: Det er ikkje registrert nokon lokalitetar i denne hovudtypen, og potensielt er lågt. → Kartleggingsstatus: Middels/godt kartlagt.

4 Diskusjon

4.1 Ansvarsnaturtypar og -artar i kommunen

Kapittelet er ment å fokusere på heilt særeigne naturkvalitetar som kommunen har eit særskild ansvar for i eit regionalt til nasjonalt perspektiv.

Forsand ligg i kjerneregionen for ei lang rekke sjeldsynte og trua råmekjevjande kryptogamar med sørvestleg utbreiing i Noreg. Desse artane er knytt til fleire ulike naturtypar, men gammal lauvskog, rik edellauvskog, bekkekløft og bergvegg, hagemark og store gamle tre er truleg dei viktigaste. Særleg artsrikt er det i nokon gamle lauvskogsområde knytt til nordvendte bergveggar. Særs viktige område er Uburen, Kolabygda, og Lysefjorden.

Det er funne ei lang rekke raudlista artar i kommunen, men det er særleg gruppene lav og mosar som peiker seg ut. Når det gjeld lav er det registrert eit stort mangfold av råmekrevjande artar med grå buktkrinslav (*Hypotrachyna laevigata*) (EN), hárkrinslav (*Parmotrema crinitum*) (EN), kystskskoddslav (*Menegazzia subsimilis*) (EN) og *Punctelia jeckerii* (CR) som fire av dei mest sjeldsynte. Mosefloraen er enda meir særeigen med to artar som i Noreg berre er funne i Forsand kommune. Den eine, horngrimemose (*Herbertus norenus*) (VU) finst fleire stadar langsmed Lysefjorden og er funnen fleire gonger i nyare tid. Den andre, goldmose (*Leptoscyphus cuneifolius*) (CR), er berre funnen ein gong i Noreg, og det var ved Uburen i 1896. Av andre artar har òg den sjeldne sylmose (*Artactylocarpus alpinus*) (EN) vorte funne fleire gonger i Forsand frå gammalt av. Forsand er truleg ein av kommunane i Noreg med flest registrerte sjeldsynte råmekrevjande moseartar.

Det er òg verdt å nemne at Forsand kommune og har fleire funn av svært sjeldne insekt. Heile fire biller og to veps i kategorien sterkt trua er registrert i kommunen. Desse funna er gamle, men det skulle vore leita etter desse og andre sjeldsynte artar insekt i potensielle miljø.

5 Litteratur

Artskart 2013. Artsdatabanken & GBIF Norge, internett. <http://artskart.artsdatabanken.no/>

Kålås, J. A., Viken, Å., Henriksen, S. og Skjelseth, S. (red.). 2010. Norsk rødliste for arter 2010. Artsdatabanken, Trondheim.

Lindegard, A. og Henriksen, S. (red.). 2011. Norsk raudliste for naturtypar 2011. Artsdatabanken, Trondheim.

Naturbase 2012. Direktoratet for Naturforvaltning.
http://dnweb12.dirnat.no/nbinnsyn/NB3_viewer.asp



BioFokus er en ideell stiftelse som skal tilrettelegge informasjon om biologisk mangfold for beslutningstakere, samt formidle kunnskap innen fagfeltet bevaringsbiologi. BioFokus ønsker å bidra til en kunnskapsbasert forvaltning av norsk natur.

En kunnskapsbasert forvaltning forutsetter god dokumentasjon av de arealene som skal forvaltes. BioFokus legger derfor stor vekt på feltarbeid for å sikre oppdaterte og relevante data om botanikk, zoologi, økologi, samt avgrensning og verdisetting av områder.

Høy kompetanse er en forutsetning for å kunne registrere og presentere biologisk mangfold-data på en god måte. BioFokus sine medarbeidere er derfor godt skolert innenfor en rekke artsgrupper og har en bred økologisk forståelse for de ulike naturtypene som de arbeider med, det være seg skog, kulturlandskap eller ferskvann. Digitale verktøy som databaser, GIS og bilde-behandling er viktige redskaper i vårt arbeid for å anskueliggjøre naturverdier på en best mulig måte.

Stiftelsen utgir to digitale rapportserier som heter
BioFokus-rapport og BioFokus notat,
<http://www.biofokus.no/Publikasjoner/publikasjoner.htm>



Gaustadalléen 21
0349 OSLO
Org.nr: 982 132 924
post@biofokus.no
www.biofokus.no

ISSN 1504-6370
ISBN 978-82-8209-268-5

BioFokus-rapport 2013-10